

## INNHOLD

### LEIAR

Gunnstein Akselberg: Publisering i ei ulvetid ..... 3

Botolv Helleland: Tyngre å gje ut namnelitteratur ..... 4

### NORSK NAMNELAG

Gunnstein Akselberg: Nytt frå Norsk namnelag ..... 5

### MØTE OG KONFERANSAR

Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv ..... 6

Bent Jørgensen: Afskedsseminar for Vibeke Dalberg 7. oktober 2005 .. 8

Gulbrand Alhaug: Norsk-svensk framtidssymposium i Valdres ..... 8

### NAMNEKONSULENTTENESTA

Terje Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker ..... 14

Terje Larsen: Samrådingsmøtet 2005 ..... 19

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

Den nye stadnamnlova vedteken ..... 20

Ivar Utne: Grensesprengende navn ..... 23

Michael Lerche Nielsen: Danmarks nye navnelov – et stykke norsk  
husflid ..... 30

Bente Holmberg: Nye kommunenavne i Danmark ..... 35

Botolv Helleland: Marknadstilpassa adressenamn på Tjuvholmen ..... 38

Ragnhild Sandøy: Stedsnavn og områdenavn – kommersielle  
produkter i moderne byutvikling ..... 40

### NORNA

NORNA-nytt ..... 43

### ICOS-NYTT

Mange dreg til Pisa ..... 43

### FN-NYTT

Møte i den nordiske divisjonen av UNGEGN ..... 44

### UNDERVISNING

Peter Hallaråker: Nettbasert studieopplegg på 200-nivå ved  
Høgskulen i Volda ..... 44

### ANNA MELDINGSSTOFF

Gulbrand Alhaug: Støtte frå Noregs forskingsråd til standardisering  
av namn i folketeljingane ..... 47

Botolv Helleland: Seksjon for namnegransking i nytt institutt ..... 49

Kvensk har fått status som eige språk ..... 50

Karsten Lien: Samiske stedsnavn i SSR er nå oppdatert ..... 50

**ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN**

- Frode Korslund: Bygdenavnet *Brandbu* ..... 51  
Ellen Røsjø: Når Oslo-gater døpes ..... 52  
Kåre Magne Holsbøvåg: *Jotunheimen, Jutulfjellet og Jutuldøra* ..... 58

**BOKOMTALAR**

- Olav Veka: Norsk Ordbok i rute ..... 59  
Dag Gundersen: Nye pappenheimere ..... 61  
Klaus Johan Myrvoll: Nytt um suffiks i gamle stadnamn ..... 63  
Botolv Helleland: Stadnamn og kulturhistorie frå Aurland ..... 65  
Tom Schmidt: Rapport fra kongressen i Tällberg ..... 66  
Klaus Johan Myrvoll: Mangslungne namneverder ..... 71  
Botolv Helleland: Fyrste bandet frå ICOS-kongressen i Uppsala ..... 73

## LEIAR

### PUBLISERING I EI ULVETID

I den siste tida har det, som eit resultat av innføringa av kvalitetsreforma, skjedd mange endringar ved dei norske universiteta og høgskulane som vil få store fylgjer for undervisning og forsking. Eitt av dei mange nye tiltaka er at ein skal mæla, vekta og klassifisera forskingsprestasjonane våre etter «internasjonale» mælestavar. På den måten skal ein kunna driva fram ei mykje betre forsking ved dei norske universiteta.

No skal den akademiske forskinga klassifiserast i ulike kategoriar etter kva for kvalitet ho har, og det vil få store praktiske og mentale konsekvensar kva for gruppe ein hamnar i. Forskingsfinansieringa skal nemleg verta meir og meir avhengig av kva for kvalitetsgruppe forskingsprestasjonane kjem i. Den gjævaste klassa er gruppe 2, ei gruppe som skal omfatta den beste femtedelen av det som vert skrive innanfor dei ulike fagfelta. Kjem ein i denne gruppa, vil ein få tilført meir forskingsmidlar enn om ein hamnar i ei anna gruppe. Forskarar og forskingsmiljø vil dessutan få vitskapleg ry etter kva for gruppe publikasjonane deira vert plasserte i.

Det skal ha mykje å seia å få arbeida sine publiserte i «internasjonale», først og fremst amerikanske, tidsskrift og på amerikanske og engelske forlag. Svært mange av dei amerikanske publikasjonane og publikasjonskanalane finst nemleg i gruppe 2.

I mange fag har dette ført til at norske og nordiske tidsskrift fell heilt utanom dei tunge publiseringssgruppene. Difor vel mange norske og nordiske fagfolk ikkje å publisera i nordiske tidsskrift, t.d. innanfor økonomi, men prøver å få arbeida sine publiserte i internasjonale publikasjonar. Å publisera i internasjonale tidsskrift, og særleg på engelsk, borgar etter denne nye norma i praksis for høg fagleg kvalitet. Ein artikkel skriven på eit nordisk språk får etter dette synet lågare fagleg kvalitet enn om same artikkelen var skriven på engelsk! Dette er neppe eigna til å fremja og verna om nordiske språk som vitskapsspråk.

Norsk og nordisk namnegransking kan koma til å li mykje under dette nye publisings- og kategoriseringsregimet dersom ikkje fagfolka og politikarane kjempar for å endra desse haldningane. Men det kan verta ein seig og lang kamp.

Innanfor nordistikken er vi namnegranskurar blant dei som representerer den internasjonale forskingsfronten og det internasjonale kvalitetsnivået. Det er dei norske og skandinaviske tidsskrifta som representerer den faglege forskingsfronten i nordisk namnegransking, og det er våre publikasjonar

som representerer noko av det fagleg beste av det som vert publisert på fagfeltet, òg i internasjonal samanheng.

Svært viktig for namnegranskinga er dessutan formidlingsansvaret, og det bør fagmiljøet no prøva å få kraftigare fram overfor dei som skal avgjera kva som skal gjevast ut, slik Botolv Helleland òg tek til orde for i kommentaren sin nedanfor. Slik det har vorte no, gjev formidlingsarbeidet lita fagleg og økonomisk utteljing. Også ved tildeling av stipend og tilsetjing i vitskaplege stillingar har slikt arbeid hatt lite å seia.

Med ei spissformulering vil eg seia at vi lever i ei ulvetid når det gjeld publisering. Kvalitet vert mælt kvantitativt på grunnlag av utgjeving i internasjonale publikasjonar. Dét er ein situasjon vi kan mislika, men vi må leva med han. Difor må vi arbeida for at fleire av publikasjonane våre kjem i gruppe 2. Det er viktig for nordistikken og onomastikken generelt, og for det norske språket som vitskapsspråk spesielt.

Gunnstein Akselberg  
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

## TYNGRE Å GJE UT NAMNELITTERATUR

Utdannings- og forskingsdepartementet har vedteke ein ny finansieringsmodell for universiteta der publisering av vitskaplege arbeid går inn som ein del av grunnløyvingane. Eit utval ved Universitetet i Oslo, leidd av professor Kristian Gundersen, har utarbeidd ei innstilling (levert 28. februar 2003) der det går fram at berre publikasjonar som har vore vurderte av fagellar, og som vert utgjevne i publiseringaskanalar som oppfyller visse kriterium, vil telja med. Slike kriterium er at ei bok skal vera utgjeven på eit forlag, og at det aktuelle tidsskriftet eller den aktuelle publikasjonen skal ha med artiklar frå ikkje-norske medarbeidarar. I fagmiljøa har det vore ein del diskusjon om kva av dei eksisterande publikasjonane som kan gje utteljing. Når det gjeld namnegransking, vart dei nordiske tidsskrifta *Namn och bygd* og *Studia anthroponymica Scandinavica* straks klarerte, sameleis kan ein rekna med at utanlandske namnetidsskrift som *Beiträge zur Namenforschung*, *Nomina* og *Names* er inne. I år har den nordiske serien *NORNA-rapporter* fått «teljekantstatus», og ikkje minst viktig *Namn og Nemne*. Vidare har *Maal og Minne* rykt opp etter påtrykk frå fagmiljøet. Men for at det ikkje skal gå inflasjon i topssjiktet, har det no kome framlegg om at berre den beste femtedelen av publikasjonskanalane innanfor eit fagområde

skal få full utteljing. Dei nordiske tidsskrifta som er nemnde ovanfor, bør koma med her, men det er ikkje sikkert.

Slik det ser ut no, vil ikkje interne skriftseriar som *Årsmelding*, *Ord om ord*, *Tidvise skrifter*, *Nordica Bergensia*, *Norskrist* og *Mot-skrift* gje utteljing, og dei står i fare for å falla ut. *Nytt om namn* står i ei særstilling sidan det er eit meldingsblad både for Norsk namnelag og for det namnafaglege miljøet. Prentekostnadene av dette bladet vert delte mellom Norsk namnelag og Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo.

Desse og andre publikasjonar vil kanskje verta vurderte i samband med formidling, eit felt som «teljekant-utvalet» ikkje har arbeidd med. Det ligg i korta at dei vitakaplege lærestadene skal驱ra formidling. Det skal òg gje ei form for kompensasjon, noko som ikkje er avklara enno.

Dersom dette systemet vert innført så strengt som det ser ut til, risikerer ein at mykje av den publiseringa som har vore til no i arbeidsskrifter og rapportar av ulike slag, fell bort. Fagmiljøet har alltid vore innstilt på å gje ut vitakaplege arbeid i dei publikasjonane som har slopp gjennom nålauga, men det har òg kome ut mykje forsking av høg kvalitet i dei kanalane som no kan falla ut. Eit slåande døme på at den nye ordninga slår feil ut, er at serien *Bustadnavn i Østfold* ikkje lenger kan publiserast ved instituttet, men må gjevast ut på eit forlag. Det fører òg til at instituttet ikkje lenger kan senda desse bøkene gratis ut til fagmiljøet. Dermed vert det langt færre som skaffar seg bøkene av økonomiske grunnar, og vitakapsresultata vert ikkje så godt spreidde.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NORSK NAMNELAG

### NYTT FRÅ NORSK NAMNELAG

#### **1. Logo**

Norsk namnelag har no fått utarbeidd ein logo som skal nyttast på brevark, plakatar og kunngjeringar. Du vil òg finna han att på tittelsida av *Nytt om namn*. Logoen kan nyttast i svart-kvitt eller i fargar.

## **2. Styremøte i Norsk namnelag**

I samband med konferansen om stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv fredag 21. oktober vert det halde styremøte i Norsk namnelag same dagen klokka 16.30. Stad: Seksjon for namnegransking, Gaustadalleen 25. Sakliste vert send ut om lag ei veke på førehand.

Gunnstein Akselberg  
leiar i Norsk namnelag

## MØTE OG KONFERANSAR

### **STADNAMN I NORDISK OG INTERNASJONALT PERSPEKTIV** **Konferanse i samband med hundreårsmilnet for unionsoppløysinga**

**Fredag 21. oktober 2005**  
**Namnegransking, Universitetet i Oslo, Gaustadalleen 25**

Den 7. juni 1905 vedtok det norske Stortinget å løysa opp unionen med Sverige, og i 2005 vert dette hundreårsmilnet markert ved ei rad tilskippinger i Noreg. I dette året skal Noreg også vera vertskap for eit møte i Den nordiske divisjonen av FNs ekspertgruppe for stadnamn (UNGEGN – United Nations Group of Experts on Geographical Names). I tilknyting til dette møtet vil Namnegransking (tidlegare Seksjon for namnegransking), Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, arrangera ein dagskonferanse over temaet *Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv*.

FN har i fleire resolusjonar gjeve tilrådingar om stadnamn i nasjonal og internasjonal samanheng, m.a. at stadnamn i minoritetsspråk krev eit særskilt vern, at stadnamn har ein viktig kulturminnefunksjon, at ein mest mogeleg bør byggja på skrivemåten i dei einskilde landa når ein brukar utanlandske stadnamn. Dette siste var eit hovudtema på eit NORNA-symposium i Oslo i 1997 (sjå NORNA-rapporter 68). Konferansen i år vil fylgja opp diskusjonen frå 1997, m.a. ved å sjå på korleis FN sitt arbeid med stadnamn kan gjerast betre kjent. Eit anna siktemål er å sjå nærmare på den kulturelle sida ved stadnamn – korleis forvaltar offentlege og private instansar dette når det er tale om namngjeving? Sidan dette er ein nordisk konferanse, er stadnamn i grenseperspektiv ei interessant vinkling. Eit spørsmål i denne samanhengen er i kva grad skrivemåten av stadnamn er

påverka av grannespråk, noko som er særleg aktuelt for Noreg i ljós av den danske språktradisjonen i landet. Og er det lett å spora overgangsområde når det gjeld namnetypar? Ei utfordring ligg òg i det nye europeiske prosjektet EuroGeoNames, og kva det kan få å seia for å betra kvaliteten av nordiske namn brukt utanfor Norden. Men òg vår eigen kunnskap om namneformer i andre språk bør styrkjast. Når det gjeld minoritetsspråk i Norden, har det m.a. interesse å byggja opp ein felles database for stadnamn, det gjeld både samisk og dei finske innvandrarspråka i Noreg og Sverige.

Til saman er det gjeve rom for ni foredrag på 20–25 minutt og 5–10 minutt diskusjon.

## PROGRAM FOR KONFERANSEN

- Kl. 09.15 Botolv Helleland: Om bakgrunnen for konferansen
- Kl. 09.30 Staffan Nyström: Memorialnamngivning – möjligheter och problem
- Kl. 10.00 Bente Holmberg: Danske kommunenavn i fortid og nutid
- Kl. 10.30 Pause – kaffi/te
- Kl. 11.00 Margit Harsson: Stadnamn i grenseland (Østfold – Båhuslen)
- Kl. 11.30 Nils Jørgen Gaasvik: Danske rester i norske stedsnavn
- Kl. 12.00 Marit Breie Henriksen: Tanker om en nordsamisk database for stedsnavn
  
- Kl. 12.30 Lunsj
  
- Kl. 13.30 Sirkka Paikkala: Namnens rätt: att vara namn
- Kl. 14.00 Hans Ringstam: Informationsskrift om FN:s arbete med ortnamn
- Kl. 14.30 Pause
- Kl. 15.00 Vigleik Leira: Geografiske navn i diverse språk
- Kl. 15.30 Johnny Andersen: Nordiske stedsnavn og EuroGeoNames
- Kl. 16.00 Konferansen sluttar
  
- Kl. 19.00 Sosialt samvær på Sofies plass 1 ved Bislett

Konferansen er gratis og open for alle. Han skal vera i auditoriet i Gaustadalleen 25, like opp for Blindern i retning Rikshospitalet. Påmelding kan sendast til Namnegransking ved Botolv Helleland, [botolv.helleland@iln.uio.no](mailto:botolv.helleland@iln.uio.no), postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo. Telefon 22 85 43 78, faks 22 85 43 81.

## **AFSKEDSSEMINAR FOR VIBEKE DALBERG 7. OKTOBER 2005**

Efter mere end 40 års medarbejderskab tager Afdeling for Navneforskning, Københavns Universitet, nu afsked med Vibeke Dalberg. Det sker ved et fagligt arrangement på Københavns Universitet fredag 7. oktober 2005 kl. 14.15–17.00. Arrangementets tema er *Langs navneforskningens grænser*. Der vil være foredrag af prof. Frans Gregersen, Sprogforandringscentret, et nyoprettet sociolinguistisk grundforskningscenter i tilknytning til Nordisk Forskningsinstitut, af ledende ordbogsredaktør Ebba Hjorth, Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, og af lektor Berit Sandnes, nyudnævnt norsk lektor ved Københavns Universitet. Arrangementet finder sted i instituttets lokaler i Njalsgade 136, 2300 København S. Alle er meget velkomne.

Bent Jørgensen, København  
 berge@hum.ku.dk

## **NORSK-SVENSK FRAMTIDSSYMPORIUM I VALDRES** **27.–30. MAI 2005**

18 namneforskjarar – 7 frå Noreg og 11 frå Sverige – var samla til namnesymposium på Skammestein i Valdres frå fredag 27. til måndag 30. mai 2005. Tidspunktet for det norsk-svenske symposiet høvde godt, for dette var like før 100-årsdagen for unionsoppløysinga. Sjølv om unionen mellom Sverige og Noreg brast i 1905, viste det seg at «unionen» mellom norske og svenske namneforskjarar var sterkt i 2005. Det var i det heile ein positiv atmosfære under symposiet, og det vart utveksla gode namneidear ikkje berre under symposieøktene, men også i meir uformell samanheng – både inne i stuene og ute i naturen. Det var dessutan eit anna «jubileum» som kunne feiras på Skammestein, for i 1985 – for 20 år sidan – vart det også arrangert eit symposium på Skammestein, og emnet den gongen var «Nyere nordisk personnavnskikk» (utgitt i NORNA-rapporter 35).

Emnet for symposiet nå i mai var «Norsk-svensk namnegranskning i dag og i morgen – eit onomastisk framtidssymposium». Initiativtakarar til symposiet var Tom Schmidt, Oslo, frå norsk side og Mats Wahlberg, Uppsala, frå svensk side. Vi var innkvartert på Fjellheimen, som vart bygd i 1919, og som i dag er eigd av Tom Schmidt og syster hans, Trine. Det er lenge sidan det var hotelldrift på Fjellheimen, men symposiedeltakarane kunne gle seg over gammaldags atmosfære med sprakande vedomnar, gamle bondeskåp

og antikvariske bøker. Initiativtakarane ville gjerne ha invitert fleire deltagarar til symposiet, men overnattingskapasiteten sette ein stoppar for det. Dei nemnte at det var lagt vekt på å invitere doktorgradsstipendiatar – i tillegg til eit utval av andre aktive namneforskarar.

Forutan det faglige programmet var det bl.a. ekskursjon til Hegge stavkyrkje. Og på søndagen kunne deltakarane gle seg over praktfull fjellnatur innover mot Jotunheimen. Naturlig nok vart også mange stadnamn i fjellet kommentert under ferda – heilt inn til Gjendesheim, der vi snudde.

Dei som innleidde til diskusjon, hadde fått beskjed om at innleiingane skulle vera forholdsvis stutte. Dermed vart det tid til mye – og fruktbar – diskusjon under symposieøktene. Det referatet som kjem nedafor, er basert på delreferat skrivne av Benedicta Windt, Kristina Neumüller, Terje Larsen, Katharina Leibring og Leif Nilsson. Namnet på dei som hadde innleiing, er oppgitt i overskriftene nedafor.

Eit av resultata av symposiet er at ein tek sikte på å laga eit felles norsk-svensk undervisningsopplegg om namn mynta på elevar på ulike skoletrinn (jf. pkt. 4 i referatet nedafor).

## **1. Staffan Nyström: Namnforskningens ställning inom den humanistiska forskningen**

Nyström innleidde med å oppsummere status for namnegranskinga som fag. Både i Sverige og Noreg har nye studieordningar ført til problem for rekrutteringa til namnegranskinga, for i dag kan ein studere nordistikk utan å møte namnegranskinga i det heile tatt. På plussida kan det nemnas at faget har ei sterkt stilling ute blant folk, for det er stor interesse for det vi gjør. Namnegranskinga har respekt i universitetsmiljøa, men likevel ei svak stilling. Vi har bl.a. problem med å legitimere oss i universitetsmiljøet. Og vi forskar mye for oss sjølve og andre namneforskarar.

Under diskusjonen vart det peikt på at det er viktig å utvide perspektivet og trekke inn fleire aspekt ved namnegranskinga. Det er eit faktum at stadnamngranskinga skygger for interessante forskingsområde som personnamn, litterær onomastikk, sosioonomastikk og «øvrige namn». Mange av desse emneområda er dessutan godt eigna til å skape blest om faget. For å sikre framtida til faget må vi bli flinkare til å samarbeide over landegrensene, spesielt når det gjeld formidling av arbeidet vårt. Vi må diskutere teori og metode i faget – og dessutan satse på pedagogiske tiltak som kan føre til auka entusiasme og interesse for faget ute blant folk. Ikkje minst bør vi gjøra det klart at namn og namngiving er ein del av det levande språket og den levande språkevna.

## 2. Eva Brylla: Vilka forskningsområden bör vi satsa på?<sup>1</sup>

Innleiaren understreka at ho ville legga mest vekt på svenske forhold. Det er viktig å forske på den spesielle stillinga som propria har i språket. I denne samanhengen er namneteori viktig. I stadnamngranskinga er det t.d. aktuelt å drive med etymologiske og namnetyologiske undersøkingar, og dette bør gjøras i eit tverrvitskaplig perspektiv. Når det gjeld personnamna, bør ein komplettere frekvensundersøkingar med djupare analysar. Det trengs bl.a. meir utdjupande studiar av den gammalnordiske personnamnskatten og ein systematisk analyse av nordiske tilnamn frå eldre tid. Andre aktuelle forskingsoppgåver er å halde fram med undersøkingar av fornamn i vår tid. Dessutan bør det utarbeidas eit svensk slektsnamnsleksikon. Kategorien *øvrige namn* er også viktig, bl.a. fordi det er interessant å studere slike namn i eit namneteoretisk perspektiv. Det er nødvendig å gjøra ein innsats på dei fleste område. Yngre namneforskjarar vil gjerne forske på namn i eit vidt perspektiv, både når det gjeld eldre og yngre namn. Dette inneber at ein både må sjå namna i ein samfunnssamanheng og i eit tverrfaglig perspektiv.

I den etterfølgjande diskusjonen kom ein inn på ei rekkje forskjellige forskingsområde. For stadnamna sin del vart det peikt på det potensialet som dei urbane namna har ettersom desse namna speler ei forholdsvis stor rolle for dagens menneske. Dei urbane namna viser eit stort mangfold, og dei er også interessante å undersøke i eit namnebrukaperspektiv. Også namn på mindre stader har interesse fordi desse namna har ei mellomstilling mellom det urbane og det rurale. Andre stadnamn som fortener større merksemd i framtida, er dei «halvgamle» og unge namna, dvs. namn frå 1600-talet og fram til i dag, t.d. namn på husmannsplassar, småbruk og villaer. Eit problem når vi skal undersøke den moderne namngivinga, er at vi ofte manglar materiale som kan dokumentere dei nye namna – både på landsbygda og i byane. Eit anna forskingsområde som vart tatt opp, var forholdet mellom offisielle og uoffisielle namn.

For personnamna sin del er det ønskelig med samnordiske prosjekt for å få eit meir fullstendig bilde av namneskikken, t.d. framveksten av etternamn på *-sen/-son*. Også tilnamn bør studeras i eit samnordisk perspektiv. Til liks med «halvgamle» stadnamn bør ein også forske på «halvgamle» personnamn – ved sida av moderne namn. På det sistnemte området er det t.d. aktuelt å studere endringar i etternamnskikken og namngiving i tospråklige familiar. Det er framleis nødvendig å ha kompetanse på eldre

---

<sup>1</sup> Da Eva Brylla måtte melde avbod til symposiet, vart innlegget hennes lesi opp.

namn, t.d. namn i runeinnskrifter. Diskusjonen viste at det likevel var ulike oppfatningar om kor mye ein skulle satse på dei eldre namna.

Når det gjeld kategorien *øvrige namn*, står det svært mye att å gjøra. Desse namna har stor interesse – ikkje minst frå ein namneteoretisk og strukturell synsvinkel. Mange døme på aktuelle forskingsoppgåver vart nemnt, t.d. firmanamn, varemerkenamn, husdyrnamn, skipsnamn og namn på uvêr. Særlig interessant er samspelet mellom dei forskjellige namnekategoriane, t.d. mellom skipsnamn og personnamn.

Også den litterære onomastikken vart diskutert. Dette forskingsområdet framstår som aktuelt og spennande i den framtidige namnegranskinga, ikkje minst på grunn av samspelet mellom namn frå verkeligheita og i den litterære fiksjonen. Det er viktig å utvikle tverrvitskaplige teoriar og metodar på dette forskingsområdet.

Til slutt vart det diskutert om det er spesielle forskingsoppgåver ein bør satse på innanfor namnerøkta. Utover haldningsundersøkingar av ulike slag bør ein på dette feltet fyrst og fremst satse på ein pedagogisk innsats – å forklare *kvifor* det er nødvendig med namnerøkt.

### **3. Ole-Jørgen Johannessen: Korleis skal vi lokke til oss fleire studentar?**

Innleiaren tok utgangspunkt i at rekrutteringa til namnestudiet på universitet og høgskolar har endra seg. Tidligare kom studentane i hovudsak frå agrarsamfunnet, og desse studentane hadde med seg eit namnemateriale frå lokalmiljøet som dei analyserte. På sett og vis kunne ein sjå på dette materialet som ein del av identiteten deira. I dag er det ikkje slik, og skal ein rekruttere studentar nå, må dei få «tilbod» om eit materiale, og dette materialet må vera elektronisk tilgjengelig. Han understreka at vi må ha ei førestelling om kva slags namnekompetanse dagens studentar har. Vi må t.d. få dei til å reflektere over «namneproduksjonen» i samfunnet: Kva slags objekt er det som får namn? Studentane må få høve til å møtas i faglig samanheng, t.d. på nordiske forskarkurs. Nettverksbygging er eit viktig stikkord i denne samanhengen.

I diskusjonen vart fleire idear og tankar lufta når det gjeld å auke rekrutteringa til faget, bl.a.:

- Det må etableras god kontakt med skoleverket slik at elevane blir interessert i faget.
- Det må vera tett personlig oppfølgjing av kvar student når dei har begynt på studiet, og ein kan gjerne trekke dei inn i prosjekt.
- Det må finnas gode innføringsbøker i faget, noko som i dag er ei mangelvare. Eit framlegg her var ein revisjon av dei danske inn-

føringsbøkene *Stednavneforskning 1 og 2* av Christensen/Dalberg og Kousgård Sørensen.

- Det må skipas til etterutdanningskurs for lærarar.
- Mange offentlig tilsette arbeider med namnespørsmål. Derfor bør det utarbeidas skreddarsydde kursopplegg for denne gruppa.

#### **4. Mats Wahlberg: Marknadsföring av namnforskningen i «den brusande omvärlden»**

Innleiaren begynte med å spørja om vi har tid og råd til å marknadsføre oss utafor universitetsverda. Deretter peikte han på nokre arenaer der namnforskarar er – eller kunne vera – aktive: skolar, massemedium og lokalhistoriske foreiningar. I svensk samanheng er *hembygdsföreningar* viktige. I tillegg kjem dei spesielle oppgåvene som namnerökta har, bl.a. i stat, kommune og kyrkje – forutan allmenn praktisering av dei eksisterande lovane for stad- og personnamn.

I den livlige diskusjonen etter innleiinga kom bl.a. desse synspunkta fram:

- Det utoverretta arbeidet er ei gigantisk oppgåve.
- Situasjonen i Noreg er problematisk for dagens forskarar ettersom populærvitskaplig formidling ikkje gir direkte pengar til institusjonane. I staden blir forskarane oppfordra til å publisere på engelsk, noko som er meir meritterande enn å skrive på morsmålet. Punktet om populærvitskaplig verksemd er på veg til å bli tatt bort i universetsloven. I Sverige derimot er det framleis ønskelig at forskarane formidlar forskingsresultat ut i samfunnet.
- Vi bør søke alliansar med profesjonelle aktørar på marknadsföring og publisering slik at det ikkje går for mye tid på slikt som vi ikkje er ekspertar på.

Diskusjonen munna ut i to hovudtema (A og B nedafor) for framtidig marknadsföring av namnegranskingsa – ikkje minst med tanke på å nå nye generasjonar:

##### **A. Namnestoff på nettet**

- Det må lagas aktuelle, brukarvennlige og tiltrekkande heimesider.
- Informasjon må spesielt rettas mot skoleelevar.
- Det må etableras «spørjekasser» der publikum kan levere inn spørsmål. Det tar mye tid og ressursar å ta seg av slike spørjekasser, men på den andre sida gir dette direkte kontakt med dei som er interessert i namne-

stoff. Arbeidet med å svara på spørsmål frå publikum kan rasjonaliseras ved at ein utarbeider standardformular.

- Det må utarbeidas eit opplegg med «automatiske» svar på spørsmål som blir ofte stilt (jf. *FAQ = Frequently Asked Questions*).
- Det må lagas korte oversikter over t.d. namneskikk i visse periodar. (Dette er ein spørsmålstype som ofte kjem frå slektsforskarar.)
- Fleire namnesamlingar bør ligga på nettet.

#### B. Utarbeiding av undervisningsstoff

Det bør utarbeidas undervisningsstoff for elevar og lærarar på ulike skoletrinn. Dette bør etableras som eit svensk-norsk samarbeidsprosjekt.

I tilknyting til pkt. B oppnemnte symposiedeltakarane denne arbeidsgruppa: Sonja Entzenberg, Botolv Helleland, Staffan Nyström og Benedicta Windt. Den fyrste oppgåva til gruppa blir å få til eit arbeidssymposium som gjeld utarbeiding av lærestoff. Det er ønskelig å komma i gang i løpet av 2005.

#### 5. Botolv Helleland: Formidling til ålmenta

Innleiaren byrja med å gi supplerande kommentarar til dei nye føresetnadene for dei humanistiske vitskapane (jf. kommentarar tidligare i referatet). Humaniora er i dag utsett for ein uvant konkurransesituasjon i og med at det blir sett krav til lønnsemd. Produksjon av studiepoeng og publikasjonar med «teljekantar» utgjør ein aukande del av budsjetta ved institusjonane. Såleis må ein ved Universitetet i Oslo trappe ned på slik vitskaplig produksjon som ikkje gir direkte inntekter. På den andre sida har Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo sett som mål at det bør vera minst 4–5 medieoppslag i månaden som gjeld den faglege verksemda på instituttet.

Med dei tydelige signala om at det ikkje lenger fins nokon automatikk i tildeling av midlar, er det viktig at vi er aktive på dei arenaene som finns. Det gjeld på den eine sida allmenn politikk, universitetspolitikk og fagpolitikk – på den andre sida presentasjon av resultat. Dette går delvis parallelt, men vi må vise kva for viktige verdiar som går tapt i eit samfunn utan eit aktivt namnefaglig miljø.

I den etterfølgjande diskusjonen vart det bl.a. peikt på dei auka krava til internasjonal publisering, dvs. på engelsk, også innafør faget vårt. Skal vi ha lange engelske samanfatningar i t.d. *Namn og bygd* og *Namn og Nemne?* Det har vorti vanskeligare å få økonomisk støtte til konferanserapportar skrivne på morsmålet. Skal t.d. også NORNA-rapportane i større grad inne-

halde engelskspråklige artiklar? Skal vi rett og slett starte nye tidsskrift skrivne på engelsk?

Det er viktig at namnforskarane også driv med populærvitskaplig verksemrd, men det er eit dilemma at slik verksemrd i liten grad blir rekna som vitskaplig meritterande. Å skrive populærvitskaplig er dermed ikkje utan vidare forlokkannde for namnforskarar. Dessutan har ein problem med å få økonomisk støtte til publisering, men som eitt positivt eksempel vart det nemnt at Norsk faglitterær forening (NFF) har gitt økonomisk støtte til arbeidsstipend for skriving av populærvitskaplig namnelitteratur.

Både i Noreg og Sverige har namnerøkt ei spesiell stilling, og det er tydelig at folk flest interesserer seg for namnerøkt. Emne innafor svensk stadnamnrøkt blir presentert i skriftserien *Ortnamn och namnvård* (utgitt av Lantmäteriverket), og i Noreg blir det publisert artiklar om namnerøkt i t.d. *Nytt om namn*. Dessutan finn ein ofte lesarinnlegg om slike namnespørsmål i dagspressa. Med tanke på informasjon til folk flest vart det nemnt at heimesider på nettet er kanalar som eignar seg godt til å formidle informasjon om t.d. lovar og forskrifter.

Gulbrand Alhaug  
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

## NAMNEKONSULENTTENESTA

### **KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER**

Sidan 1993 har sekretären for klagenemnda for stadnamnsaker publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i annakvart nummer (nummer med oddetal). Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som klagenemnda har behandla ferdig i perioden oktober 2004 til april 2005.

|   | <b>Påklaga namneform,<br/>kommune, fylke</b> | <b>Namnetype</b> | <b>Ønsket åt<br/>klagaren</b> | <b>Vedtak i<br/>klagenemnda</b> |
|---|--|------------------|-------------------------------|---------------------------------|
| 1 | Finnen, Vik, SoFj.                           | bruksnamn        | Finden                        | Finnen                          |
| 2 | Finnabotnen, Vik, SoFj.                      | bruksnamn        | Findebotten                   | Finnabotnen                     |
| 3 | Otreskreda, Vik, SoFj.                       | bruksnamn        | Oterskred                     | Oterskreda                      |
| 4 | Furhovda, Kvam, Hl.                          | bruksnamn        | Furhovde                      | Furhovda                        |
| 5 | Leitet, Kvam, Hl.                            | bruksnamn        | Leite                         | Leitet                          |
| 6 | Straumasteinen, Kvam, Hl.                    | bruksnamn        | Straumastein                  | Straumasteinen                  |
| 7 | Yngsdalen, Luster, SoFj.                     | bruksnamn        | Yndesdal                      | Yngsdalen                       |

|    |   |            |                              |                               |
|----|---|------------|------------------------------|-------------------------------|
| 8  | Bøvra, Surnadal, MøRo.                    | naturnamn  | Bævra                        | Bøvra                         |
| 9  | Bøverdalen, Surnadal, MøRo.               | naturnamn  | Bæverdalen                   | Bøverdalen                    |
| 10 | Bøverfjordssetra, Surnadal, MøRo.         | seternamn  | Bæverfjordsetra              | Bøverfjordsetra               |
| 11 | Bøverfjordsvatnet, Surnadal, MøRo.        | naturnamn  | Bæverfjordvatnet             | Bøverfjordvatnet              |
| 12 | Bøverfjorden, Surnadal, MøRo.             | bruksnamn  | Bæverfjord(en)               | Bøverfjorden                  |
| 13 | Bæverfjord, Surnadal, MøRo.               | grendenamn | Bøverfjorden                 | Bøverfjorden                  |
| 14 | Vardaberg, Rennesøy, Rog.                 | bruksnamn  | Vareberg                     | Vardaberg                     |
| 15 | Hegraberg, Rennesøy, Rog.                 | bruksnamn  | Hegreberg                    | Hegraberg                     |
| 16 | Indre Duskard, Bjugn, STr.                | bruksnamn  | Indre Dueskar                | Indre Dueskard                |
| 17 | Ytre Duskard, Bjugn, STr.                 | bruksnamn  | Ytre Dueskar                 | Ytre Dueskard                 |
| 18 | Indre og Ytre Duskardfjellet, Bjugn, STr. | naturnamn  | Indre og Ytre Dueskarfjellet | Indre og Ytre Dueskardfjellet |
| 19 | Duskardbekken, Bjugn, STr.                | naturnamn  | Dueskarbekken                | Dueskardbekken                |
| 20 | Duskardtjønna, Bjugn, STr.                | naturnamn  | Dueskartjønna                | Dueskardtjønna                |
| 21 | Slættet, Bjugn, STr.                      | bruksnamn  | Slette                       | Slættet                       |
| 22 | Vedneset, Bjugn, STr.                     | bruksnamn  | Veneset                      | Vedneset                      |
| 23 | Solfladen, Lillesand, AAgd.               | vegnamn    | Solflaten                    | Solfladen                     |
| 24 | Lønne, Hornindal, SoFj.                   | bruksnamn  | Lødøen                       | Lødøen                        |
| 25 | Halsan, Sunndal, MøRo.                    | bruksnamn  | Hals                         | Hals                          |
| 26 | Bakkan, Oppdal, STr.                      | bruksnamn  | Bakk                         | Bakk                          |
| 27 | Gjerdet, Oppdal, STr.                     | bruksnamn  | Jære                         | Gjerdet                       |
| 28 | Gjerdhøa, Oppdal, STr.                    | naturnamn  | Jærhøa                       | Gjerdhøa                      |
| 29 | Melessætra, Oppdal, STr.                  | bruksnamn  | Mellemsæter                  | Melemssæter                   |
| 30 | Vinndalen, Oppdal, STr.                   | bruksnamn  | Vindal                       | Vinndalen                     |
| 31 | Vinndøla, Oppdal, STr.                    | naturnamn  | Vindøla                      | Vinndøla                      |
| 32 | Tørve, Oppdal, STr.                       | bruksnamn  | Torve                        | Tørve                         |
| 33 | Tørvessætra, Oppdal, STr.                 | seternamn  | Tørvessætra                  | Tørvessætra                   |
| 34 | Tørvesøyan, Oppdal, STr.                  | naturnamn  | Tørvesøyan                   | Tørvesøyan                    |
| 35 | Stenbuengenget, Oppdal, STr.              | bruksnamn  | Stenboeng                    | Stenbueng                     |
| 36 | Slættet, Oppdal, STr.                     | bruksnamn  | Slette                       | Slættet                       |
| 37 | Olbu, Oppdal, STr.                        | bruksnamn  | Aalbu                        | Ålbu                          |
| 38 | Olbusbakkan, Oppdal, STr.                 | bruksnamn  | Aalbusbakkan                 | Ålbusbakkan                   |
| 39 | Olbusseætra, Oppdal, STr.                 | seternamn  | Aalbusseætra                 | Ålbusseætra                   |
| 40 | Nerholen, Oppdal, STr.                    | bruksnamn  | Nerhol                       | Nerhol                        |
| 41 | Hoksengenget, Oppdal, STr.                | bruksnamn  | Hokseng                      | Hoksengenget                  |
| 42 | Dettlia, Oppdal, STr.                     | bruksnamn  | Detli                        | Dettlia                       |
| 43 | Dettlisætra, Oppdal, STr.                 | seternamn  | Dettlisætra                  | Dettlisætra                   |
| 44 | Medskaret, Oppdal, STr.                   | naturnamn  | Meskaret                     | Medskaret                     |
| 45 | Kvannflatbruna, Oppdal, STr.              | naturnamn  | Kvannflatbrona               | Kvannflatbruna                |
| 46 | Stensesbruna, Oppdal, STr.                | naturnamn  | Stensesbrona                 | Stensemsbruna                 |

|    |   |                    |                  |                  |
|----|---|--------------------|------------------|------------------|
| 47 | Springtverråa, Oppdal, STr.                         | naturnamn          | Sprengtverråa    | Springtverråa    |
| 48 | Åmellomsætra, Oppdal, STr.                          | naturnamn          | Åmiomsætra       | Åmellomsætra     |
| 49 | Namneleddet <i>veg</i> , Fana bydel, Bergen, Hl.    | vegnamn            | vei              | veg              |
| 50 | Namneleddet <i>lia</i> , Fana bydel, Bergen, Hl.    | vegnamn            | lien             | lia              |
| 51 | Namneleddet <i>søre</i> , Fana bydel, Bergen, Hl.   | vegnamn            | søndre           | søre             |
| 52 | Namneleddet <i>høgda</i> , Fana bydel, Bergen, Hl.  | vegnamn            | høyden           | høgda            |
| 53 | Namneleddet <i>brekka</i> , Fana bydel, Bergen, Hl. | vegnamn            | brekken          | brekka           |
| 54 | Namneleddet <i>grenda</i> , Fana bydel, Bergen, Hl. | vegnamn            | grenden          | grenda           |
| 55 | Namneleddet <i>sætra</i> , Fana bydel, Bergen, Hl.  | vegnamn            | sæteren          | sætra            |
| 56 | Namneleddet <i>heia</i> , Fana bydel, Bergen, Hl.   | vegnamn            | heien            | heia             |
| 57 | Namneleddet <i>heiane</i> , Fana bydel, Bergen, Hl. | vegnamn            | heiene           | heiane           |
| 58 | Håøyna, Meland, Hl.                                 | naturnamn          | Håøy             | Håøyna           |
| 59 | Fjedle, Fjell, Hl.                                  | vegnamn            | Fjellet          | Fjellet          |
| 60 | Trossavika, Fjell, Hl.                              | vegnamn            | Trosavika        | Trosavika        |
| 61 | Kongvikvegen, Fjell, Hl.                            | vegnamn            | Kungvikvegen     | Kungvikvegen     |
| 62 | Kvednaviksvegen, Fjell, Hl.                         | vegnamn            | Kvernnaviksvegen | Kvernnaviksvegen |
| 63 | Bjørkmyr, Trondheim, STr.                           | namn på bustadfelt | Bjørkmyra        | Bjørkmyra        |
| 64 | Væretrøa, Trondheim, STr.                           | namn på bustadfelt | Værestrøa        | Værestrøa        |
| 65 | Sjetnemarka, Trondheim, STr.                        | namn på bustadfelt | Sjetnmarka       | Sjetnmarka       |
| 66 | Stokkanhaugen, Trondheim, STr.                      | namn på bustadfelt | Stokkhaugen      | Stokkhaugen      |
| 67 | Storakjen, Hyllestad, SoFj.                         | bruksnamn          | Storaker         | Storaker         |
| 68 | Trøsdalen, Hyllestad, SoFj.                         | bruksnamn          | Drøsdal          | Trøsdalen        |
| 69 | Ulvika, Hyllestad, SoFj.                            | bruksnamn          | Ulvik            | Ulvika           |
| 70 | Byrkjeland, Hyllestad, SoFj.                        | bruksnamn          | Birkeland        | Birkeland        |
| 71 | Indre Dale, Hyllestad, SoFj.                        | bruksnamn          | Dale indre       | Indre Dale       |
| 72 | Sågnes, Hyllestad, SoFj.                            | bruksnamn          | Sognnes          | Sågnes           |
| 73 | Nordrenut, Ulvik, Hl.                               | naturnamn          | Norenut          | Nordrenut        |

## Nokre opplysningar til oversynet:

### Namnetypar

Sakene 49–57 galdt skrivemåten av i alt 141 *vegnamn* i Fana bydel i Bergen. Elles har mange saker som tidlegare år golde *bruksnamn* (34 saker), medan 16 saker galdt *naturnamn*. Fire vedtak (sakene 10, 33, 39 og 43) galdt *seternamn*, då i tilknyting til eit overordna bruksnamn. Den eine saka som galdt eit *grendenamn* (sak 13), var av same slag. Ein ny namnetype i høve til tidlegare år var fire saker som galdt *namn på bustadfelt*, alle i Trondheim (sakene 63–66).

### Klagar

Når det gjeld klager på bruksnamn, står eigarane som klagar, og i dei fleste tilfella blir dei støtta av kommunen. Klager på naturnamn og seternamn står vedkomande kommune for. I sakene som galdt vegnamna i Fana (sakene 49–57), var Bokmålsforbundet klagar, medan vegnamnsaka frå Lillesand (sak 23) hadde ein lokal organisasjon som klagar. Lokale organisasjoner var også klagar i sakene som galdt namn på bustadfelt i Trondheim (sakene 63–66), i sak 63 saman med Statens kartverk. Statens kartverk var også klagar i den eine saka som galdt eit grendenamn (sak 13).

### Vedtaksorgan

I sakene som galdt vegnamn, namn på bustadfelt og grendenamn var vedkomande kommune vedtaksorgan. I dei andre sakene var Statens kartverk vedtaksorgan.

### Medhald/ikkje medhald

Klagar har fått medhald i 15 saker av dei 73 sakene (sakene 13, 24–26, 40, 59–67 og 70). I 13 av sakene har klagar fått delvis medhald (sakene 3, 10–11, 16–20, 29, 35, 37–39). Nemnda gjorde nytt vedtak i sak 46 (sjå nedanfor).

### Dissensar i nemnda

Med unnatak av tre saker har vedtaka vore samrøystes. I sakene 3 og 29 var røystetalet to mot to, medan i sak 24 røysta to av medlemene for *Lødøen*, éin medlem primært for *Lønne*, sekundært for *Lødøen*, medan den siste medlem røysta for *Lødhorne*. Grunngjevinga for *Lødøen* var skriftrasjonen, ynsket til eigarar og kommune, i tillegg til at det også er eit visst talemålsgrunnlag for denne skrivemåten. Grunngjevinga for *Lønne* var at denne skrivemåten er mest i samsvar med den nedervde lokale uttalen, som

skal vera utgangspunkt for fastsetting av skrivemåten. Medlemen som gjekk inn for *Lødhorne*, viste til at denne skrivemåten høver best med det historiske opphavet til namnet, og han peikar også på at denne skrivemåten er brukt i dei siste trykte matrikkelutgåvene.

### Nokre av grunngjevingane åt nemnda

Sakene 8–13 galdt skrivemåten av elvenamnet *Bøvra* og fem namn laga til dette elvenamnet i Surnadal. Statens kartverk var vedtaksorgan i sakene 8–12, og kommunen i sak 13 (grendenamnet). Som det går fram av oversynet, vedtok Kartverket ein skrivemåte med *ø* i førsteleddet, medan kommunen vedtok *æ* i grendenamnet. I sine vurderingar seier nemnda:

Når det gjeld uttalen av namna, finn nemnda det dokumentert at den nedervde lokale uttalen av førsteleddet i alle namna er med *ø*, og at denne uttalen framleis er i levande bruk. Dersom ein følgjer hovudregelen og tek utgangspunkt i denne uttalen, vil skrivemåten måtte bli med *ø* i førsteleddet, slik Statens kartverk har vedteke etter tilråding frå namnekonsulentane. Av sakspapira går det fram at ein uttale med *æ* òg er nytta, men dette må vere ein nyare uttale og gjeld først og fremst bruksnamnet og grendenamnet.

Med omsyn til skrifttradisjonen er denne ikkje eintydig. Skrivemåten med *æ* har vore mykje nytta lokalt, men som namnekonsulentane peikar på, står skriftforma *Bøverfjorden* sterkt i offentleg bruk, t.d. på kart og i matriklar.

Faren for forveksling med andre likelydande namn, t.d. *Bøverdalen* i Oppland, er eit av argumenta frå kommunen si side. Dette argumentet meiner nemnda ikkje kan tilleggjast vekt. Likelydande namn er ein del av norsk namnetradisjon og fører sjeldan til problem.

Eigarane meiner førsteleddet må vere dyrenemninga *bever*. Dette verkar lite truleg fordi denne ordforma er innlånt frå nederlandsk, og namneleddet det er snakk om her, må vere mykje eldre enn dette lånet. Førsteleddet måtte i så fall skrivast *Bever-* i samsvar med hovudregelen i § 2–3 andre ledd, første punktum.

Bævre og Sylte Bedehus går inn for *ø* i *Bøvra*, *Bøffordvatnet* og *Bøffordsætra*, men *æ* i *Bæverfjord*. Nemndas vurdering er at det ikkje ligg føre sterke nok grunnar til å dele opp namnegruppa som så tydeleg høyrer saman.

Dersom ein følgjer hovudregelen i § 4 første ledd i denne saka, vil skrivemåten av førsteleddet måtte bli med *ø*. Vedtak som fråvik denne

hovudregelen har nemnda fatta i enkelte tidlegare saker, men da har det dreidd seg om ein nyare og utbreidd uttale med forankring i ein dominerande skriftradisjon. Dette vilkåret er ikkje til stades i dette tilfellet. Nemnda går derfor inn for ein skrivemåte med ø for heile namnegruppa.

Samansetjingsmåten:

Når det gjeld samansetjingsmåten, ligg det ikkje føre sikre uttaleopplysningar. Nemnda har kome til at klagarane bør få medhald på dette punktet og går inn for samansetjing utan *s*.

Bestemt eller ubestemt form i bruks-, grende- og poststadnamnet:

Eigarane og lokale lag og foreiningar ønskjer skrivemåten *Bæverfjord* i desse funksjonane, medan kommunen går inn for bestemt form *Bæverfjorden*. Hovudregelen er at bruken av bestemt eller ubestemt form skal rette seg etter målføret, jf. § 2–3 andre ledd, bokstav a i forskriftene. Nemnda finn det dokumentert at tradisjonell uttale er /bøf2fjo'rn/, dvs. i bestemt form. Nemnda har ikkje funne sterke nok grunnar til å fråvike hovudregelen på dette punktet og går inn for bestemt form.

I sak 46 vedtok nemnda skrivemåten *Stensemsbruna* med *m* i fyrsteleddet, trass i at dette ikkje var ynskt av klagaren Oppdal kommune. Nemnda grunngav vedtaket med å visa til skrivemåten av bruksnamnet *Stensem* og peikte også på vedtaket om skrivemåten *Melemssæter* i sak 29.

Terje Larsen  
terje.larsen@iln.uio.no

## SAMRÅDINGSMØTET 2005

Samrådingsmøtet for Namnekonsulenttenestene og Statens kartverk skal i år vera på Hønefoss 29.–30. september, med Statens kartverk som vertskap. Her vil ein ta opp saker som gjeld normering og fastsetjing av skrivemåte. I år har det òg interesse å drøfta kva den nye stadnamnlova vil få å seia for normeringsarbeidet. Saker som ein ønskjer å ta opp, kan meldast inn til underskrivne eller til Nils Jørgen Gaasvik ([nils-jorgen.gaasvik@statkart.no](mailto:nils-jorgen.gaasvik@statkart.no)).

Terje Larsen  
terje.larsen@iln.uio.no

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### **DEN NYE STADNAMNLOVA VEDTEKEN** **Skal gjelda frå 1. august 2006**

Den 18. mars 2005 vart lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn vedteken i Odelstinget. Til grunn for lovvedtaket låg *Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.* (Innst. O. nr. 59 (2004–2005), jf. Ot.prp. nr. 42 (2004–2005). Nedanfor vert grunngjevinga for lova og diskusjonen attgjeven etter referat på [www.stortinget.no/otid/2004/o050318-02.html](http://www.stortinget.no/otid/2004/o050318-02.html).

Saksordføraren, **Eli Sollied Øveraaas (Sp)**, sa fylgjande då ho presenterte lovteksten:

Stadnamnlova skal ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei praktisk og tenleg skriftform og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

I den framlagde proposisjonen frå Regjeringa er det lagt vekt på å endre lova slik at saksbehandlinga vert enklare, og at det vert gitt klarare og meir høvelege og funksjonelle føresegner.

Komiteen støttar intensjonane i proposisjonen om ei forenkling og forbeting av stadnamnlova. Det er viktig å ta vare på den delen av kulturarven som stadnamna utgjer. Dette gjeld som grunnlagsmateriale for kultur- og busetningshistorisk granskning, og det er også viktig at stadnamn på kart, skilt, i register og i andre offentlege samanhenger får ein formålstenleg skrivemåte. Skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk har ofte skapt engasjement og debatt.

Det er gjennom mange år samla inn mange stadnamn. Komiteen støttar departementet i at før ein vurderer behovet for innsamling av stadnamn, må ein få ei oversikt over dei stadnamna som alt er innsamla. Det er ein god idé å vurdere om det nye kompetansesenteret for norsk språk kan koordinere oppgåvene med å utgreie behovet for innsamling og organisering av stadnamnarbeidet.

Frå vi fekk stadnamnlova, har 25 pst. av klagesakene dreia seg om bruk av bunden eller ubunden form. Denne regelen har vore praktisert strengt, og fleirtalet støttar forslaget om ei oppmjuking av regelverket på dette punktet.

Med *Bolette brygge* (etter eit Fred. Olsen-skip) og *Lille Strand* er det nok tenkt på sjønære tilhøve, men det som er typisk for desse namna og fleire av dei andre som no er vedtekne, er at dei avspeglar ein annan kultur og eit anna språk enn *Tjuvholmen*. For det fyrste er fleire av namna skrivne i to ord, noko som ikkje samsvarar med tradisjonell namngjeving, for det andre er hokjønnsformer av typen *Stranda* erstatta med felleskjønnsforma *Stranden*, *Brua* med *Broen*, noko som bryt med grannenamn som *Vika* og *Pipervika* og den tradisjonelle dialekten.

Det vanlege i dei aller fleste nedervde stadnamna er fast samansetjing og bunden form, altså *Bolettebrygga*, *Lillestranda*. Bak *Bolette brygge* lurer statusprega namn av typen *Aker brygge* (ofte skrive *Brygge* med stor bokstav). Når det gjeld *Tjuvholmen allé*, er det på den eine sida bra at namnet *Tjuvholmen* er vidareført, på den andre er det nesten litt komisk når desse to orda vert sette saman. Ordet *allé* (av fransk *aller* ‘gå’) er nytta som namn på nokre litt større og breie gater med trerekker, men vil neppe få tilstrekkeleg rom på Tjuvholmen.

Namnsetjinga på Tjuvholmen går inn i ein trend der språket vert nytta til å fremja marknadsinteresser og sosial status. Det vert tydelegvis oppfatta – av visse grupper – som gildare å ha *allé*, *terrasse*, *promenade*, *chaussé* i adressa enn *gate*, *veg*, *gutu*, *brekke*, *kneik*, *li*, *eng* og andre heimlege ord. *Aker Brygge* ser ut til å setja standarden, og *Bolette brygge* er ei tydeleg forlenging av denne modellen. Det er urovekkjande at politikarane ikkje er meir kritiske til ei slik utvikling.

## STEDSNAVN OG OMRÅDENAVN – KOMMERSIELLE PRODUKTER I MODERNE BYUTVIKLING

Stedsnavn er adresser, men like mye er navn en del av et samfunns historiske kulturarv, og dermed kultur og identitet. Tidligere var det en navne- logikk i lokalsamfunn og landskap. Det vil si at eldgamle navn ble holdt i hevd fordi der var en viss kontinuitet, og brukerne av landskapet satt med lokalkunnskap og var bærere av tradisjon. Nye navn kom selvsagt til, men da ut fra de behovene spesielle hendelser eller andre skifter, brå eller langsomme, skapte. Med i dette bildet hører at Tromsø ligger i et språkblandingssområde, og stedsnavnene fra gammelt fins både på norsk og samisk.

### **Spekulantenes Mekka**

I Tromsø bor det vel 62 000 mennesker. Her bor også ca. 9000 studenter og like mange ukependlere. Flertallet av de som bor i Tromsø, er første eller andre generasjons innbyggere, dvs. at de er avhengige av at tradisjonskunnskapen overføres gjennom en tydelig kulturpraksis fra det offentliges side.

Så er ikke tilfelle. Opplevelseskvalitetene, kulturhistorie og kulturvern har vært lavt prioritert. Det er mange som bryr seg, og det er ingen saker som skaper så mye debatt faktisk som navnesaker. Byen er ung og mangler sterke vaktbikkje-organisasjoner. Vi mangler til og med noe så elementært som et solid lokalt historielag. Det hører med til bildet at vi har store problemer med å verne allmenningene og ivareta kvalitet i utbyggingspolitikken.

Så slik er Tromsø blitt spekulantenes Mekka. Ingen byer i Norge vokser så fort. Ingen steder er fortjenesten så stor for spekulanter og investorer. Nye boligprosjekter dukker opp som paddehatter på de gamle allmenningene der utsikta er spektakulær. Navn er ikke bare adresser, men viktig salgsvarer. Lokale tradisjoner og gamle talemåter kastes på båten. Navn fra områder med godt renommé «tas» og flyttes på utbyggingsområder i nærheten, eller nye navn med *Sol-, Fager-, -terrasse, Strand-* osv. konstrueres og legges på det nå utbygde landskapet.

### **Navn som salgsstrategi**

De moderne navnekonstruktørene vinner fram ved hjelp av moderne kommunikasjonsmetoder. Transportsselskaper, reisearrangører, eiendomsmeklere og media er sammen med kommunale myndigheter viktige aktører i navneskikk og navneforvaltning i vår moderne tid. Det er disse instansene som har økonomi til å nå og påvirke mange gjennom dagspresse, kart, trykksaker, film og andre media. Det er nærliggende å vise til den store aktiviteten.

teten i markedsføring i regi av eiendomsmeklerne her i byen. Navn inngår som en viktig salgsstrategi, og aktørene opptrer i stadig større grad som om det ikke har vært bosetting med kultur og navnetradisjoner her før grave-maskinene kom. Dessverre har det utvikla seg en uskikk der meklerne og utbyggere stjeler navn som har et godt renommé, eller konstruerer helt nye navn når det anses som lønnsomt. Dette har det kommet mange klager på, også i dagspressen.

Navnene på bussholdeplassene er navn som kommer på trykk i rutehefter, på internett, på billettene, og etter hvert på skjermer og høyttalere i bussene. Transportsselskapene vil slik i enda større grad enn tidligere bidra til å banke inn navn, korrekte som ukorrekte. Det som er godkjente holdeplasser, kommer til å bli byfolks lokalkunnskap. Det er derfor særskilt viktig at de navnene som brukes på holdeplassene, er godkjente, gode navn i hht. tradisjonene i området.

Bebyggelsen i Troms ligger for det meste langs kyststripa, og lokalsamfunnene ligger spredt og langstrakt. Det dreier seg om mange navn. Statens vegvesen i Troms har ansvar for stedsnavnsskilt og henvisningsskilt, men har, som mange har påpekt, vært sparsommelig med skilting av stedsnavn langs riksvegen. Steder som har fått skilt, er særlig boligfeltene. Boligfeltnavnene er lagd av utbyggerne, og disse navnene har til dels blitt overordna de gamle landskapsnavnene og matrikkelnavnene.

### **Tradisjonelle navn vergeløse**

Slik endres navneskikken hos oss. Landskapet og tradisjonene har vært vergeløse i mange år nå. Landskapsnavn trenger vern og beskyttelse som andre kulturminner. Kulturvernhusnet er tatt med i den nye stedsnavnloven, men det spørs om det vil få tilstrekkelig effekt. Navn burde heller vært regulert i lov om kulturminner.

Hva er så et områdenavn, et stedsnavn, et landskapsnavn? Navn som har stor betydning for folks læring av stedsnavn, er etter min erfaring disse: kretsnavn som brukes i SSB, soner som konstrueres av Posten, takstsoner og holdeplasser i kollektivtrafikken som konstrueres av fylkeskommunene, vegvesenets praksis i skilting av stedsnavn, nye lokalsamfunn/boligfelt, boligbyggelag, osv.

Som navnafaglig ansvarlig ser jeg at den største utfordringa nå er å få registrert alle eldre navn og lagt dem inn i en database slik at de kan formidles gjennom konsekvent navnebruk. Det dreier seg om svært mange navn i et område større enn Vestfold fylke. Vi har både norske og samiske navn, og mange steder har flere navn. Navnene må være korrekt plassert i terrenget, de skal også være skrevet korrekt. Det kompliserer arbeidet med

navn når det er mange feil i navnedatabasen. Dette er oppdaga gjennom det store arbeidet som er gjort i forbindelse med utgivelse av turkart og turbøker i 2004 og 2005.

I Tromsø må vi ta på alvor at 2/3 av befolkningen har flyttet hit de siste tretti åra, og at det her til stadighet bor svært mange nyinnflytta mennesker. Disse har ofte arbeid innen offentlig virksomhet, transportselskaper o.a. Dette tilskir at kravet til presisjon og profesjonalitet bør være stort i navnearbeidet.

### **Stedsnavn må forvaltes med ansvar**

Jeg mener også at ethvert navn som får funksjon som adresse og stedsnavn skal være beskytta og regulert av navneloven. Alle navnebrukere må være underlagt et felles regelsett, uavhengig av kommune i landet. Navneloven og forskriftene bør være helt utvetydig på dette punktet. Det er kommunenes ansvar å godkjenne sonenavn og kommunale områdenavn. Det kan og skal ikke være opp til alle offentlige eller private «vesener» å avgjøre slike saker.

Navn er «lønnsomt» i næringslivet, og det koster i dag ingen ting å stjele navn. Navnearbeid og navnekompesanse må bli en viktig og tydelig del av fellesskapets oppgaver. Jeg mener at offentlig navnearbeid må få en oppgradering på alle nivå. Det er et stort tankekors at dette ikke var tema da Statens kartverk ble omorganisert i 2004, og data som har vært samla inn i 150 år på dugnad ble privatisert og forært Ugland IT Group av daværende miljøvernminister. Ansvar for navn er delt på to departementer. Dersom Norge skal evne å opptre som en kulturnasjon, må Miljøverndepartementet og Kulturdepartementet sammen med Kommunenes Sentralforbund nå gripe fatt i og legge bedre til rette for en solid navnepolitikk i Norge. Dette gjøres gjennom regelverk, utvikling av metoder, og prioritering av ressurser til forskning, innsamling, formidling og forvaltning.

Ragnhild Sandøy  
kulturkonsulent, Tromsø kommune  
[ragnhild.sandoy@tromso.kommune.no](mailto:ragnhild.sandoy@tromso.kommune.no)

## NORNA

### **NORNA-NYTT**

NORNA (Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking) har for lengst si eiga heimeside der ein kan fylgja med i kva som hender i det felles nordiske namneglede samarbeidet, sjå [www.norna.org](http://www.norna.org).

Referatet frå NORNA-møtet på Færøyane 7. mai 2005 fortel at rapporten frå NORNA-s symposium i Lerwick på Shetland i 2003 med tittelen *Cultural Contacts in the North Atlantic Region: The Evidence of Names* kjem til å verta utgjeven mot slutten av 2005. Rapporten frå den 13. nordiske namnegranskarkongressen har no kome ut (sjå melding i dette nummeret av *Nytt om namn*). Vidare vert det opplyst at ein arbeider med utgjevinga av rapporten *Busetnadsnamn på -staðir* frå det 33. NORNA-symposiet på Utstein kloster. Eit komande symposium med tittelen *Nordiske navnes centralitet og regionalitet* skal haldast på Bornholm 4.–7. mai 2006, med påmelding innan 1. september 2005. NORNA-møtet diskuterte òg eit symposium om urbane namn i Finland i 2007 og ei oppfølging i 2007 av det tidlegare *torp*-symposiet i 2002 (sjå NORNA-rapporter 76).

På heimesida til NORNA finn ein elles nyhendebrev med opplysningar om m.a. prosjekt og publikasjonar, ein finn NORNA-bibliografi, namnforskarregister, og ikkje minst peikarar til heimesider til andre institusjonar som har med namn å gjera. NORNA er med andre ord ein høgst oppegåande organisasjon som spelar ei viktig rolle for å formidla og fremja nordisk namnegransking.

BH

## ICOS-NYTT

### **MANGE DREG TIL PISA** **Den 22. ICOS-kongressen 28. august–4. september 2005**

Den 22. internasjonale namnegranskarkongressen vert halden i Pisa, Italia, i tida 28. august–4. september 2005. Om det er det skeive tånet, som ein no etter får klatra opp i, eller det vakre og historisk spennande Toscana som dreg mest, er vanskeleg å seia. I alle fall er det påmeldt fleire enn ved nokon tidlegare kongress. Til saman vil 438 namnegranskarar frå 46 ulike land halda foredrag. Av dei er 4 frå Danmark, 6 frå Noreg, 16 frå Sverige, 16 frå Finland og 1 frå Island. Til samanlikning var det 374 deltarar frå 41 land på kongressen i Uppsala 2002.

BH

## FN-NYTT

**MØTE I DEN NORDISKE DIVISJONEN AV UNGEGN**  
**Hønefoss og Oslo 20. og 22. oktober 2005**

Den nordiske divisjonen av FN si ekspertgruppe for stadnamn (United Nations Group of Experts on Geographical Names – UNGEGN) kjem saman til møte på Hønefoss og i Oslo den 20. og 22. oktober 2005. Grunnen til at desse to dagane er valde, er at konferansen *Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv* skal haldast 21. oktober, og at deltakarane på møtet i Den nordiske divisjonen skal kunna vera med på konferansen. Vertskap på Hønefoss er Statens kartverk, og i Oslo Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Seksjon for namnegransking. I Oslo skal møtet vera i Gaustadalleen 25, som er den nye adressa til Namnegransking.

Den 20. oktober kl. 19.00–21.00 vert det mottaking i Oslo rådhus med Oslo kommune som vertskap.

Mellom sakene som skal drøftast desse to møtedagane, er endringar i den nye stadnamnlova, stadnamnvern i nasjonal og internasjonal samanheng, stadnamn i ljós av UNESCO-konvensjonen om kulturarven, prosjektet EuroGeoNames, stadnamn og Internett, ein felles nordisk database for samiske stadnamn, samarbeid mellom Kartverket og andre offentlege etatar, soknenamn i Sverige, adresser og stadnamn i Sverige, førebuing av nordiske rapportar for UNGEGN-møtet i Wien i 28. mars–4. april 2006.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## UNDERVISNING

**NETTBASERT STUDIEOPPLEGG PÅ 200-NIVÅ**  
**VED HØGSKULEN I VOLDA**

Nordisk institutt ved Høgskulen i Volda vil hausten 2005 tilby eit nettbasert studieopplegg på 200-nivå. Omfanget vil utgjere 5 studiepoeng, og forkra-  
vet vil vere norsk grunnfag eller tilsvarande.

**Mål**

- a) Gje innsikt i og kunnskap om elementær stadnamnteori, stadnamn som praktisk kommunikasjonsmiddel og stadnamn som personleg og sosialt

- identifikasjonsmiddel med vekt på stadnamn som kulturhistorisk og lokalspråkleg kjelde
- b) Gjere studenten fagleg kompetent til å samle inn stadnamn

### **Innhald/pensum**

A. Eit teoretisk pensum på om lag 650 sider, som vil innehalde følgjande fem faglege tyngdepunkt:

1. Elementær stadnamnteori
2. Innsamlingshistorikk
3. Innsamlingsmetodikk
4. Gransking og tolking
5. Skriftnormering

I tillegg til desse 650 sidene kjem 10 nettleksjonar på 10–15 sider kvar, som også er pensum.

B. Innsamling, systematisering og namnefagleg analyse av om lag 100 stadnamn, anten ei djupinnsamling frå eit avgrensa område eller utvalde namnetypar frå eit større område

### **Organisering og arbeidsmåtar:**

#### **Nettbasert undervisningsopplegg og rettleiing**

Undervisninga vil bli organisert som eit nettbasert undervisningsopplegg.

Pensumstoffet vil bli utdjupa i 10 nettleksjonar på 10–15 sider kvar, skrivne av fagansvarleg lærar. Dei vil bli baserte på dei fem faglege hovudtyngdepunkta som er nemnde ovanfor. Dessutan vil det bli halde to fredag–laurdag-samlingar med vekt på eitt av hovudpunkta kvar gong.

I samband med innsamlinga av om lag 100 namn med tilhøyrande klassifisering og namnefagleg analyse vil det bli gjeve individuell rettleiing både på nettet, på samlingane og ev. på faglærarkontoret, om karttilvising, lydoppakt, lydskrift og skrivemåte.

Det vil dessutan bli gjeve individuell rettleiing på nettet både i samband med teoripensumet og nettleksjonane. Teiknsett for lydskrift til vanleg tekstbehandlingssystem vil bli utlevert.

Studentane sitt arbeid gjennom heile semesteret blir lagt til grunn for vurderinga i emnet. Følgjande arbeidskrav skal gjennomførast:

1. Skrive eit evaluatingsutkast frå sentrale tema i pensum i samsvar med nærmare oppsette formkrav og framdriftsplan.

2. Skrive inntil 4 kortare kommentarar (responsar) til utkast til evaluatingsoppgåver for medstudentar.
3. Fullføre evaluatingsoppgåva etter å ha fått kommentarar frå medstudentar og/eller faglærar.
4. Saman med den ferdige evaluatingsoppgåva levere eit kort refleksjonsnotat frå studiet.

Detaljane i arbeidskrava (tal på oppgåver, formelle krav til utforming m.m.) blir gjevne i eige skriv før kvart emne startar.

Arbeidskrava blir vurderte til godkjent/ikkje godkjent. Ein student som ikkje får godkjent på eitt eller fleire arbeidskrav, får høve til å forbetre elementet til godkjent nivå same semester. Alle arbeidskrav må vere godkjende for at studenten skal kunne gå opp til eksamen.

### **Vurdering og eksamen – mappeevaluering**

Mappa skal innehalde ei evaluatingsoppgåve på om lag 7–8 sider i teori-pensum med kommentarane til medstudentane, og ei semesteroppgåve på om lag 15–20 sider basert på innsamlingsarbeidet.

Det blir gjeve ein samla bokstavkarakter. Einskildkandidatar kan bli kalla inn til munnleg prøve for justering av endeleg karakter.

### **Pensumbøker**

Studentane bør/må skaffe seg følgjande bøker, sidan storparten av pensum er henta frå desse bøkene, nemleg:

*Norsk stadnamnleksikon*, red. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. Oslo 1997.  
 Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne I–XIX*. Christiania/Oslo 1897–1936 (eitt eller fleire band).

Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania 1898.  
 (Ny utgåve på Tapir forlag 1999.)

Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn*. Oslo 1997.

Kurt Ziliacus: *Forska i namn*. Helsingfors 2002.

### **Kompendium**

Det er utarbeidd eit eige kompendium med pensumartiklane. Dette kan tingast frå Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag.

Peter Hallaråker  
 psh@samson.hivolda.no

## ANNA MELDINGSSTOFF

### STØTTE FRÅ NOREGS FORSKINGSRÅD TIL STANDARDISERING AV NAMN I FOLKETELJINGANE

Forskningsrådet lyste våren 2004 ut midlar over programmet *Infrastruktur for humanistisk forskning*. Eit av dei prosjekta som fekk støtte (1,6 mill.), var *Namnevariantar – eit problem ved bruk av digitaliserte folketeljingar for 1700- og 1800-talet*. Prosjektet, som starta i januar 2005 og går fram til 2007, går ut på å standardisere namn i folketeljingane for 1700- og 1800-talet. Standardiseringa, som er avhengig av gode datateknologiske ressursar, går føre seg ved Universitetet i Tromsø – med Gulbrand Alhaug som prosjektleiar og Bente Ramsvik som prosjektassistent. Ein sentral støttespeler i Tromsø er prof. Gunnar Thorvaldsen ved Registreringssentralen for historiske data. Det var han som for mange år sidan tok initiativet til å digitalisere folketeljingane for 1800-talet (fyrst og fremst for Nord-Noreg), men under hans leiing vart det også digitalisert ein del folketeljingar for Sør-Noreg.

Kvifor er det nødvendig å standardisere namna i folketeljingane? Den store stavevariasjonen på 1700- og 1800-talet kan gjøra det problematisk å bruke folketeljingane, t.d. for historikarar og slektsforskjarar. Om ein t.d. søker etter ei *Henriette Kristoffersdatter*, er det mange stavevariantar som byr seg fram, og dermed er det ikkje sikkert at ein får tak i den personen ein er ute etter. Den store stavevariasjonen kan illustraras med *Henriette* som i folketeljingane for Nord-Noreg (1865, 1875 og 1900) er skrivi på 30 ulike måtar:

*Henriete, Henriethe, Henriette, Henrigjethe, Henrigjæthe, Henrigætte, Henrihjette, Henrikeete, Henrijethe, Henrijette, Henrijætte, Henriæthe, Henriætte, Henriætthe, Hænriethe, Hænriætte, Henryette, Henrygjette, Henryjette, Hendriete, Hendriethe, Hendriette, Hendrihjette, Hendrijethe, Hendrijette, Hendrijætte, Hendriæte, Hendriæthe, Hendriætte, Hendryætte.*

I tillegg kjem så variantane som endar på *-a*: *Henriætta, Henrietha* osv.

Det er noko problematisk å ta stilling til om t.d. *<æ>* og *<d>* i ei form som *<Hændriætte>* skal tolkas som påverknad av dansk ortografi – jf. stavemåten *<Brænderi>* – eller om *<Hændriætte>* skal sjåas på som ortofon gjengiving av namnet i delar av Noreg – jf. at /d/ er brukt som ein slags «glidekonsonant» for å unngå konsonantsambandet /nr/, bl.a. i komparativen *indre* av *inn*. I alle fall vil det bli enklare å bruke folketeljingane for t.d. historikarar,

bygdebokskrivarar og slektsforskarar når dei ved å skrive «søkenamnet» *Henriette* også får opp variantar av dette namnet. Om dei t.d. søker etter ei som heitte *Henriette Kristoffersdatter* i Trondheim, og fornamnet til den aktuelle kvinnen var skrivi «Hendrihjette», ville dei ikkje få opp på skjermen den kvinnen dei var ute etter. Ved at det nå blir oppretta ein eigen kolonne for standardisert stavemåte ved sida av den originale fornamnskolonnen, kan brukarane av dei digitaliserte folketeljingane lettare få tak i dei personane dei søker nærmare opplysningar om.

For fleire av dei som bruker dei digitalisert folketeljingane, t.d. namneforskarar og dialektforskarar, er det viktig at dei originale stavemåtane blir ståande, bl.a. fordi dei kan gi indikasjonar på uttalen i tidligare tider. Dette gjeld t.d. «Baal» – jf. mannsnamnet *Bård* – der stavemåten med «l» indikerer at namnet i det aktuelle området har vori uttalt med tjukk /l/. Og i «Gjerhard» viser «Gje» at namnet har følgd «norske uttaleregler», dvs. /je/ – ikkje /ge/. (For ordens skyld vil eg legga til at vi oftast finn den «tyske» stavemåten «Gerhard» på 1800-talet.)

Eit førebels resultat av prosjektet er at det er så mange som 71 376 ulike namneformer i dei fire folketeljingane (1801, 1865, 1875 og 1900). Av desse er godt over halvparten (41 086, dvs. 58 %) eingongsførekommstar, t.d. variantar som *Emerendse*, *Emerenntze*, *Emerenzse*, *Emeræntse* av kvinnenamnet *Emerentse*. I *Emerenntze* er det forresten mulig at det er data-registratoren som har vori for tung på labben – jf. *nn* inne i namnet. Slike tastefeil kjem altså i tillegg til dei autentiske namneformene blant dei mange eingongsførekommstane. At så mange som 58 % av namneformene er eingongsførekommstar, inneber at forholdsvis mye av standardiseringsarbeidet må settas inn på namneformer som blir borne av svært få nordmenn – jf. at 41 086 eingongsførekommstar utgjør berre 0,6 % av dei totalt ca. 6,5 millionar namneførekommstane. (Talet på namneførekommstar, også kalla *løpenamn*, vil ligga litt høgare enn talet på personar registrert i folketeljingane ettersom mange nordmenn har to eller fleire fornamn. Eg vil elles legga til at berre utdrag av 1875-teljinga er digitalisert.)

På same måte som det vil vera ein kolonne for standardisert stavemåte av fornamna, vil det også vera ein standardisert kolonne for etternamna. Om etternamnet t.d. er skrivi «Christophersdatter», vil det i den standardiserte kolonnen stå «Kristoffersdatter». På 1700- og 1800-talet hadde dei fleste nordmenn etternamn av patronymtypen, t.d. *Christophersdatter*. Ved standardiseringa av etternamna vil ein da ha nytte av den standardiseringa som alt er gjort på fornamna – jf. *Christopher* > *Kristoffer*.

Om det blir tid til det innafor prosjektperioden, vil også bustadnamna bli standardisert, t.d. «Hæxvold», «Hexvold» og «Hegsvold» til «Heggsvoll».

Dette kan gjøra det enklare å forske på t.d. i kva grad bøndene utover på 1800-talet gjekk over frå å bruke etternamn av patronymtypen, t.d. *Iversen*, til å ta i bruk gardsnamnet som etternamn. Ved enkle datamaskinelle prosedyrar kan ein her «merke av» identitet mellom namn i den standardiserte kolonnen for etternamn og den korresponderande kolonnen for bustad, t.d. «Heggsvoll».

For historikarar, slektsforskarar og bygdebokskrivarar blir det enklare å følgje same person frå folketeljing til folketeljing når personnamna er standardisert, t.d. dei som har flytt til ein annan stad og dermed er registrert i ein annan kommune i andre folketeljingar. Da skapar det ingen problem om ei kvinne har fått namnet sitt stava t.d. «Hænrigjætte Christoffersdtr» i 1865 og «Hendriethe Kristofersdt» i 1900. I dei standardiserte kolonnane i folketeljingane vil ho ha same namn: *Henriette Kristoffersdatter*.

Gulbrand Alhaug  
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

## SEKSJON FOR NAMNEGRANSKING I NYTT INSTITUTT

I eit par år har det vore mykje strid om instituttstrukturen på Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Oslo. I fjor vart det vedteke å slå saman dei tolv eksisterande institutta ved fakulteta til sju, med verknad frå 1. januar 2005. Samstundes vart namnet på fakultetet endra til *Humanistisk fakultet*. Namna på dei sju institutta er *Institutt for arkeologi, konservering og historiske studium*, *Institutt for kulturstudium og orientalske språk*, *Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk*, *Institutt for litteratur, områdestudium og europeiske språk*, *Institutt for lingvistiske og nordiske studium*, *Institutt for medium og kommunikasjon* og *Institutt for musikkvitenskap*. Seksjon for namnegransking har lege under det tidlegare Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, men er no ein del av det nye Institutt for lingvistiske og nordiske studium. Den nye instituttordninga fører med seg at det ikkje lenger skal vera underavdelingar, berre fagområde. Såleis skal ein no formelt nytta berre *Namnegransking* saman med instituttnamnet. I praksis fungerer dette miljøet likevel som ei avdeling, på line med t.d. Leksikografi. All post til dei ulike fagmiljøa på instituttet går til den felles postboksen 1102 Blindern, 0315 Oslo. E-postadressene har òg vorte endra, slik at etter «alfakrøllen» kjem «iln.uio.no» (dei to siste initialane i instituttnamnet er altså snudde samanlikna med den tidlegare

adressa). Men e-brev og post kjem framleis fram om ein nyttar dei gamle namna og adressene. Telefonnummera er uendra.

Dette vert knapt siste endringa i namnet på namnegranskings-institusjonen. Til no ser nammerekka slik ut: *Norsk stadnamnarkiv 1921–1977* (frittståande statleg institusjon). Den 1.1.1978 vart arkivet overført til Det historisk-filosofiske fakultetet, Universitetet i Oslo som eige institutt. Og vidare: *Institutt for namnegransking* 31.8.1979–31.12.1989, *Avdeling for namnegransking* 1.1.1990–30.6.1997, *Seksjon for namnegransking* 1.7.1997–31.12.2004. Og altså frå 1.1.2005 det noko barberte namnet *Namnegransking*.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## KVENSK HAR FÅTT STATUS SOM EIGE SPRÅK

I ei pressemelding 26. april 2005 opplyste kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland at regjeringa har vedteke at kvensk skal ha status som eige språk. Regjeringa ser det som ei viktig symbolsak for den kvenske minoriteten at kvensk vert godkjent på denne måten. Utgangspunktet for dette vedtaket er politikken til regjeringa overfor nasjonale minoritetar og internasjonale konvensjonar på dette området. Kvenane er ei etnisk gruppe som hører til Nord-Noreg og har sidan 1998 hatt formell status som etnisk minoritet i Noreg. Kvensk språk vert nytta av mellom 2000 og 8000 personar, avhengig av kva for kriterium ein legg til grunn. I samsvar med den europeiske minoritetsspråkpakta har kvensk krav på vernestatus.

## SAMISKE STEDSNAVN I SSR ER NÅ OPPDATERT

Endelig – nå er alle samiske navn i Sentralt stedsnavnregister (SSR) lagt inn med riktig språk (nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk), og riktig skrive-måte i henhold til ortografin i språket. Du kan finne informasjon om stedsnavn ved å gå til [www.statkart.no/stedsnavn](http://www.statkart.no/stedsnavn).

Karsten Lien  
karsten.lien@statkart.no

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

### **BYGDENAVNET *BRANDBU***

Forleddet i bygdenavnet *Brandbu* (norr. *Brandabú*) blir vanligvis tolket som genitiv flertall av *brandr* m. ‘brenning’. Betydningen skal da være ‘bygda som er blitt ryddet ved brenning’ (jf. NG IV2 s. 159 og NSL s. 102). *Brandbu* er imidlertid en sentral jordbruksbygd på Hadeland med røtter helt tilbake til bronsealder og yngre steinalder – og jeg har derfor vanskelig for å forstå den reale bakgrunnen for navnet. Bygda er vel neppe blitt «nyryddet» ved bruk av brenning i eldre jernalder?

En annen sak er at forleddene i gårds- og bygdenavn som en bør anta er fra eldre jernalder (romertid og folkevandringstid: 0–600 e.Kr.), sjeldent eller aldri står i genitiv flertall. Det er iallfall vanskelig å finne gode og sikre eksempler på dette.

Jeg vil derfor heller anta at forleddet er genitiv entall av et forsvunnet stedsnavn *\*Brandi*. Et slikt navn er i så fall trolig avledet av *brandr* m. i betydningen ‘(utskåret) stokk, stolpe’, og det viser vel da fortrinnsvis til et fjell eller annet høydeparti. Ord for ‘stokk’, ‘stav’, etc. er som kjent vanlige i fjellnavn – og en rekke fjell og høyder i Norge har faktisk navnet *Branden/Brannen* (jf. [www.statkart.no](http://www.statkart.no) > Norgesglasset). En del av disse navnene er kanskje egentlig bestemt form av nynorsk *brande* m. ‘stor og kraftig kar’ – men dette ordet er også avledet av *brandr* i betydningen ‘stokk’.<sup>1</sup>

Hvis forleddet *branda-* faktisk viser til et fjell, så finnes det neppe noen andre aktuelle kandidater enn den mektige og markante Brandbukampen. Nå er det riktignok noe spesielt at en bygd får navn etter et fjell,<sup>2</sup> men Brandbukampen er da også svært spesiell: Den utgjør kjernen i en for lengst forsvunnet vulkan – og både geologisk og formmessig skiller den seg klart ut fra «vanlige» fjell. Med sine 522 meter over havet hever den seg nesten 400 meter over den nærliggende Randsfjorden – og det ligger midt i den

<sup>1</sup> Albert Kjær ville også forklare forleddet i *Brandabú* som (genitiv flertall) av *brandr* m. ‘utskåret stolpe’ – men da brukt i dens konkrete betydning: «Jeg finder det derfor rimeligt at forklare *Brandabú* saaledes, at Navnet betegner en bygd, hvor der er *brandar*, to Stolper foran Gaardens Indgangsdør.» (NG VI s. 156). Han ville samtidig forklare forleddet i bygdenavnet *Andabú* i Vestfold som genitiv flertall av *ônd* f. ‘forstue’. Han ønsket å se disse navnene i sammenheng fordi «lste Led i disse to Navne danner Rim med hinanden» [!?] (op.cit.).

<sup>2</sup> To bygder i det gamle norske landskapet Jemtland har imidlertid navn etter et fjell: *Kall* (oppriinnelig *Karl* ‘mann’! – jf. SOL s. 159) og *Åre* (jf. SOL s. 380).

sentrale delen av bygda. Bygda Brandbu ligger faktisk som en ring rundt fjellet!

Forleddene i de fleste bygdenavnene på *-bu* er utolket, men jeg vil tro at en god del av disse faktisk viser til forsvunne stedsnavn. Dette er i allfall tilfelle for bygdenavnet *Selbu* (norr. *Selabú*) i Sør-Trøndelag. Forleddet i dette er utvilsomt genitiv av det opprinnelige navnet på Selbusjøen: \**Seli* (*Selasjór* i Sverres saga). Dette sjønavnet er trolig avledet av ordet *seli* m. ‘sele (for trekkdyr)’ – og det viser vel da til den langstrakte formen på sjøen (jf. NG XIV s. 376 og NSL s. 386).

Frode Korslund  
frodekorslund@yahoo.no

## NÅR OSLO-GATER DØPES Spesielt om gatenavn i regulerte byområder

På landsbygda får veier navn etter hvor de fører hen. I gamle byer ble gater og veiter først benevnt etter hva slags aktivitet som foregikk der, hvordan de gikk i terrenget eller hvilke sentrale bygninger de førte til. I regulerte byer måtte man ta i bruk offisiell navngivning. Det kan vi se i kvadraturen (med *Kongens gate*, *Dronningens gate* etc.), men for eksempel ikke i det sjølgrodde Vaterland (med gamle navn som *Rødfyllgata* og *Repslagergangen*). Byutvidelser førte til nyreguleringer og behov for nye gatenavn og gatenavnkomiteer. Navnesakene ble forelagt bystyret, som ofte fikk lange debatter om disse sakene.

I tidligere tider ble gatenavnene lite brukt i offentlig sammenheng. Man brukte i stedet «kvarter»-betegnelser. I Kristiania fantes det fram til midten av 1800-tallet et fortløpende matrikkelnummersystem på eiendommene. Etter hvert tapte flere gatenavn som var på folkemunne sin naturlige betydning. I 1775 måtte magistraten utarbeide en «designasjon», en fortegnelse over byens gater for endelig å fastslå navnene.

På 1800-tallet vokste byen. Nye gater kom til og måtte navnsettes. Dermed fikk byen gatenavnkomiteer, eller kommisjoner, som det het den første tida. Den første kommisjonen ble satt ned i 1847. Den besto av professor J. S. C. Welhaven, riksarkivar Chr. Lange og kjøpmann Thor Olsen. De foreslo å endre flere eksisterende navn, så deres innstilling ble ikke fulgt.

En ny komité ble satt ned i 1851 med ordfører Rasch, byskriver Rye, assessor Blich, professor Welhaven og stadskonduktør Grosch som sammen med magistraten skulle komme med forslag til nye gatenavn. Prinsippene

de fulgte var at navn som hadde satt seg blant folk, burde beholdes. Hvor det var mulig, burde man holde fram minnet om hvordan strøket så ut før det ble utbygd, og sikre «at Fædrelandets og Stadens Velgjøreres Navne bør levendegjøres i Gadernes». Navn som *Stranden*, *Stubben*, *Grundingen*, *Engen*, *Linaaes Gade*, *Youngsgaden*, *Bernt Ankers Gade*, *Osterhausgaden*, *Calmeyergaden* og *Maribøiegaden* var blant 29 gatenavn som ble vedtatt i bystyret i 1852.

### **Byutvidelse ga massedåp**

Ved byutvidelsen i 1859 er det ingen spor å se etter endringer. Antakelig var det ikke påkrevd fordi de eksisterende gatenavnene, som f.eks. *Grønlandsleiret* og *Lakkegata*, kunne brukes uten problemer.

I forbindelse med byutvidelsen i 1878 måtte mange gater døpes og andre døpes om på grunn av navnelikhet. De fleste navnforslag gikk greit gjennom bystyret uten debatt. Men det kunne bli lange debatter i enkelte tilfelle, særlig hvis navnet ikke ble «fint» nok for strøket.

Mange av gatenavnene måtte nødvendigvis lages uten lokal forankring. Det skjedde i form av at gatene på Bjølsen ble oppkalt etter norske byer (*Sarpsborggata*), mens nordiske byer ble oppkalt på nordre del av Dælenenga (*Karlstadgata*) og østnorske bygdenavn på Kampen (*Hedmarksgata*) og Rosendal (*Totengata*). Vi fikk nabolandsnavn på gater på Vålerenga (*Sveriges gate*) og norrøne gudenavn på gater på Frogner (*Odins gate*).

Mange av de nye gatene var forlengelser av eldre gater, og man unngikk å stykke dem opp med nye navn for hvert kryss, som i tilfellet *Bogstadveien* og *Majorstuveien*. Mange brukte navn trengte stadfesting, som *Elisenbergveien*, *Gimleveien* og *Sommerrogaden*. Forslaget fra komiteen om *Furubakken* ble gjort om til *Uranienborg terrasse* (etter lokkenavnet), og den eldre Kirkeveien ved Gamle Aker kirke fikk navnet *Akersbakken*.

Navnet *Smedgata* hadde lenge eksistert på Enerhaugen. Nå sto man også med ei *Smedgate* på Kampen og ei på Rodeløkka. De ble døpt om til henholdsvis *Ullensakergata* på Kampen og *Tromsøgata* på Rodeløkka.

Andre navneskifter på Rodeløkka var fra *Henrik Wergelands Gade* til *Stockholms Gade*, fra *Skolegaden* til *Gøteborgs Gade* og fra *Damstrædet* til *Snippet*. *Nordregade* på Kampen ble *Kampens Gade*, *Markveien* på de kanter ble *Nannestadgaden*, *Langgaden* på Vålerenga ble *Våalerenggaden* og *Bjerggaden* i Ekebergskråningen ble *Ribbungs Gade*.

### **Enighet om prinsipper**

Etter at den store byggeaktiviteten på slutten av 1800-tallet hadde stoppa opp på grunn av krakket, gikk det et drøyt tiår uten navnesaker overhodet.

Da bygginga av boliger, og dermed også veier, tok seg opp igjen, fant man behov for å ha klare prinsipper: I 1913 bestemte gatenavnkomiteen seg for følgende: 1) Man var enig om ikke å foreslå opptatt navn etter noen levende person. 2) Man mente veier som lå helt eller for den overveiende del i Aker, ikke burde gis navn av Kristiania kommune. I hvert fall burde det konfereres med Aker kommune og helst komme forslag til navn fra en felles komité. 3) I tilfeller der en plass lå i eller i enden av ei gate, fant komiteen det mest praktisk at gata og plassen fikk samme navn. 4) Komiteen så det som en stor fordel å få færrest mulig gatenavn. Hvor ei ny gate kunne betraktes som forlengelsen av ei gammel gate, ville komiteen foreslå brukt navnet på den eldre gata. En del justeringer måtte gjøres for å følge dette, så 175 gatenavn måtte behandles i bystyret våren 1914.

I 1933 vedtok Gate- og veinavnkomiteen igjen noen generelle prinsipper for gatenavnsdåp:

Hovedregelen burde som før være at navn på personer som var i live, ikke ble brukt som gatenavn. Omdøping av gater kunne av praktiske grunner bare skje i sjeldne tilfelle. Stedegne, hevdvunne navn burde knyttes til gater i den form som var i samsvar med uttalen i Oslo bymål. Nye gater i strøk med ensarta gatenavn burde få navn i samme kategori. Innen byens grenser ville det ikke være mange gater å navnsette. Framover fant komiteen det derfor rimelig å søke å minnes de kvinner og menn som hadde satt spor i byens og landets utvikling.

Hvilke utslag har så disse prinsippene gitt? I følge en bystyredebatt i 1923 kunne de navnene man da hadde, deles i tre grupper: Omrent en tredel av gatene var oppkalt etter historiske navn. En tredel skrev seg fra lokale betegnelser etter natur og gamle benevnelser på gårder og plasser. Den siste tredelen var oppkalt etter andre norske byer og bygder, kjente folk som var særlig fortjent av byen, legatstiftere, foregangsmenn i næringslivet, vitenskapsmenn og kunstnere.

### Fint skulle det være

Et morsomt eksempel er Lille Tøyen hageby som ble oppført for Kristiania kommune 1916–22 og var det eneste av hageby-prosjektene som faktisk tiltrakket arbeiderfamilier. Boligdirektør Hals ga da også veiene navn som kunne passe – som *Tømmermandsveien*, *Murerveien*, *Haandtverks-plassen* og *Tøienplassen*, *Haandtlangerkroken* og *Arbeiderringen*. Navnene kom så vidt i bruk. Men han fikk fort motbør fra Lille Tøyen hagebys vel som fant «navneforslagene nærmest at betrakte som en chikane mot stedet».

Velet utlyste i stedet en konkurranse, og juryen foreslo navn som *Fridtjof Nansens allé* for *Tømmermandsveien* og *Aases allé* for *Murerveien*. Styret i

velet gjorde det om til *Fridtjovs allé* og *Halvdans allé*. Aker kommunestyre, som hadde avgjørelsen, godkjente derimot i 1924 *Fridtjovs vei* og *Halvdans vei!* Nå kan man kanskje forstå at tømmermenner kan gi visse assosiasjoner, men fint skulle det være...

Man kan jo spørre seg om velet var representativt. I alle fall var stifterne av velet og styret ikke helt representative. De hadde nesten uten unntak en stilling høyere opp på den sosiale rangstigen. De var ikke vanlige arbeidsfolk. Eller var kanskje tida bare ikke moden for slike uvanlige veivalg? Men det tok lang tid før den kommunale skiltinga fulgte etter vedtaket.

Etter krigen kom nye navneendringer – til *Ansgar Sørlis vei* og *Kaare Røddes plass*. Begge var falne motstandsfolk – den ene teglverksbestyrer og den andre kinokontrollør – med tilknytning til Lille Tøyen. *Tore Hunds vei* ble det nye navnet på *Fridtjovs vei* en gang på 50-tallet, og veien følger dermed det tradisjonelle mønsteret i området med veier oppkalt etter personer i sagn og sagaer.

### **Arbeidsfolk er fraværende**

I kategorien kjente folk er det konger, vikinger, militære og det solide borgerskapets menn som dominerer. Arbeidsfolk og kvinner skal man lete etter med lys og lykte. I 1864 ble *Smalgangen* ved Grensen omdøpt til *Arbeidergata*. Gata ble oppkalt etter de nye arbeiderboligene som var oppført der i 1858.

*Hans Nilsen Hauges gate* kom i 1879 og *Marcus Thranaes gate* i 1914. I bystyret 18. oktober 1923 kunne alle enes om kvinnesakskvinnen Fernanda Nissens gate ved Vøienvollen i Maridalsveien. Nabogata ble Gustav Jensens, etter stiftsprosten og indremisjonslederen. Arbeiderpartiet foreslo *Fjørtofts gate* etter sosialistpioneren fra 1870-åra og ble nedstemt. Men Olaus Fjørtoft fikk gata si i konkurranse med Lasalle mellom Stockfleths gate og Fernanda Nissens gate.

*Knud Graahs gate* kom på Nordre Åsen – etter industrigründeren på Vøiens spinneri. Arbeiderpartiets forslag om å kalle gata opp etter sin nylig avdøde formann Kyrre Grepp ble i første omgang nedstemt. Men han fikk ei annen og større gate i området samme år. Carl Jeppesen og Holtermann Knudsen ble oppkalt i 1933. Rudolf Nilsen fikk sin plass først i 1952.

### **Komiteen så heller ikke kvinnene**

Camilla Collett fikk sin vei året etter hun døde i 1896, skuespiller Laura Gundersen, komponist Agathe Grøndahl og pianistinne Erika Nissen sine i 1914. Vi har nevnt *Fernanda Nissens gate* fra 1923. Diakonisse Cathinka Guldberg, første kvinne som fikk St. Olavs orden, sto for tur i 1934 (men er

siden sanert vekk). Samme år fikk dyrebeskyttelsespioneren Lisa KristofferSEN sin plass. Hun var særlig kjent for å se etter at kjørekarer ikke mis-handla eller vanskjøtta hestene sine. I 1947 fikk vi *Mor Go 'hjertas vei* på Bjølsen oppkalt etter ei dame som drev matvarebutikk i strøket og var gavmild og hjelpsom mot de fattige (men den ble på nytt debattert i bystyret i april 1954 da noen mente navnet var ironisk ment og dama kanskje ikke var go'hjerta). Damene synes likevel først og fremst som dronninger, prinsesser og gudinner.

Den 15.2.1954 hadde Unn leserinnlegg i Aftenposten: «Jert samfund er et samfund av pebersvend-sjæle, I ser ikke kvinden, sier Lona Hessel i *Samfundets støtter*. Og sandelig kunne vi ikke ha lyst til å si det samme når vi leser innstillingen fra Oslo gate- og veinavn-komite, offentliggjort lørdag. Rett skal være rett. *En – I – kvinne* har denne komiteens medlemmer sett. Dronning Maud skal omsider få sin gate. Og bra er det. Men når kommer turen til kvinnesakens ukronede dronning, til den uredde og uforferdede, den skjonne, kloke og spirituelle Gina Krogh – ?», spurte hun.

Damene i gate- og veinavnskomiteen, ja – de kom først inn med frøken Augusta Stang i 1923. Kvinnekjønnet gikk ut igjen i den nye komiteen i 1930. To kvinner ble oppnevnt i 1952, men i 1956 var det igjen nede i ett kvinnelig medlem. Det var kanskje derfor damene hadde så vondt for å sette spor. Men Gina Krog fikk sin vei på Lambertseter i 1955. Kvinneskiftet Nylænde likeså. På Tonsenhagen fikk Ragna Nilsen, kvinnesakskvinne og pedagog og Anna Rogstad, stifter av Norges lærerinne-forbund, sine veier samme år. Så leserinnlegget til Unn fikk litt oppmerksomhet, det ble også referert i bystyret der varaordføreren forsikret at de tenkte på det annet kjønn og at Gina Kroghs navn sto på venteliste og egentlig allerede skulle vært inne, men var falt ut på grunn av en omregulering. I 1959 fikk Kristine Bonnevie og Betzy Kjelsberg, henholdsvis vår første kvinnelige professor og fabrikkinspektør, sine veier. I 1962 sto Cecilie Thoresen, vår første kvinnelige student, og Sigrid Undset for tur, og i 1968 Anna Pleym, med sin innsats for tekstilarbeiderskene og kvinnenes sosiale rettigheter. Noen flere er det blitt siden, men ennå har f.eks. ikke Katti Anker Møller fått noen vei eller plass oppkalt etter seg. Hun var drivkraft bak trygd for enslige mødre i Kristiania kommune innført 1919 og Mødrehygienekontoret i Oslo i 1924. Det har heller ikke Josefine Thrane, landets første kvinnelige redaktør (Arbeiderforeningernes Blad).

### **Litt om navn i ytre by**

I de ytre byområdene måtte mange hundre veier og boligområder ha navn da det store utbyggingsprogrammet for Groruddalen og området rundt

Østensjøvannet ble satt i gang etter krigen. Som oftest tok man utgangspunkt i de opprinnelige gårdsnavnene. Men man måtte finne nye navn også. En løsning ble å samle en kategori navn i ett strøk. Som på Manglerud med *Plogveien*, *Traktorveien* og *Treskeveien*; og Lambertseter med *Radarveien*, *Kortbølgen* og *Langbølgen* (men *Kontakt-* og *Ledningsveien*, som også var foreslått, ble tilbakesendt komiteen etter protester fra velet).

Varaordfører Stranger, leder av Gate- og veinavnkomiteen i 1955, kunne fortelle (15.12.) at komiteens forslag om bl.a. *Vulkanveien* hadde skapt atskillig uro i sitt distrikt (Ullern), «og vi har derfor foreslått navnet Silurveien som knytter seg til de geologiske forekomster. Vi har i samme område Geologsvingen og flere andre navn som passer bra og vi håper det blir mer beroligende å bo i Silurveien enn å bo i Vulkanveien. Enkelte har antydet at veien snart vil komme til å hete Filurveien, men det må jo bli beboerne i distriket som i tilfelle ordner den side av saken.»

Det er ikke alltid like lett å være forutseende og vite hva et navn og et skilt kan føre med seg av nyere assosiasjoner – som f.eks. *Dops gate* etter sognepresten i Gamle Aker, byens mest ettertraktede souvenir-navneskilt som aldri får henge i fred på gatehjørnet sitt. Eller *Ringgata* på Tøyen som skulle vært del av Kirkeveiringen da den ble planlagt, men ble ei kort og rett gate rett ved Munchmuseet.

Det er vanskelige valg dere skal gjøre. Skal man velge navn som sier noe om gamle tiders aktivitet – fiskehavn, bordtomter, Nylands verkstseds skipsbyggeri? Framheve noe om den nye aktiviteten – opera? Hedre noen avdød person eller miljø?

Stedsnavn betyr mye for folk. Uansett blir det kritikk å få, eller i allfall debatt, og uansett vil valget være preget av dagens samfunnsbilde. Skal dere rette opp «alle feila frå i går», må dere kompensere med flere kvinne- og arbeiderpionerer blant personnavnene..., for ikke å si en same eller nyere innvander...

## Kilder

Gate- og veinavnkomiteens arkiv, Byarkivet.

*Oslo kommunens aktstykker.*

*Oslo byleksikon.* Oslo 2000.

Ingar Arneberg: *Lille Tøyen. Arbeidernes hageby.* Oslo 1989.

Knut Kjeldstadli: *Den delte byen. Oslo bys historie* bd. 4. Oslo 1990.

Gro Røde (red.): *Livet langs elva.* Oslo 2000.

## ***JOTUNHEIMEN, JUTULFJELLET OG JUTULDØRA***

Det er slik at Aasmund Olavsson Vinje i 1862 kallar fjellstroket mellom Gudbrandsdalen, Valdres og Sogn for *Jötunheimen* og *Jötunfjelli* i *Fjøllstaven min*. Professor i bergvitenskap Balthasar Mathias Keilhau (1797–1858) hadde skrive *Jotunfjeldene* (*Riesengebirge*) tidleg i 1820-åra. Han hadde omsett namnet på fjellstroket mellom Polen og Tsjekkia.

Så er det slik at ein i boka *Gamal Valdres-kultur* bd. 5 (1952) av Knut Hermundstad frå Vang får attgjeve noko som Marit E. Hermundstad, f. 1861, fortel i 1935. Ho fortel kvar sola står til ymse tider på dagen. Ein kan lese på s. 112: «Kl. 11 snerte ho kanten på Jutuldør'n, den store, vide skøri i Skjervenibba. Fjellet nordafor eller austafør kalla dei gamle Jutulfjelle (no Jotunheimen).» Her ser det ut som *Jutulffjellet* er eit gammalt namn på iallfall ein del av fjellstroket som fekk namnet *Jotunheimen*. Når ho talar om dei gamle, må ho ha meint slike som var fødde tidleg på 1800-talet.

Det er i utsegna tale om Jutuldøri (i dativform). Namn som *Jutuldøri*, *-døra* og *Jutulporten* finn ein mange stader. Segna om Johannes Blessom er knytt til Jutuldøri i Prestberget ved Vågå prestegard. Den første som nemner den 25 m høge innfellinga i den slette fjellsida er Gerhard Schøning. Han seier i 1775 at «*Jotul-Dørra*» nesten er så jamm som ho var «afglattet, med et Hugge-Jærn» (*Reise giennem en Deel af Norge*, bd. 3, s. 37 i 1910-utgåva). Erik Werenskiold teikna naturformasjonen.

Ein kan med det same nemne at ein stad oppi fjellet Stor-Tussen mellom Batnfjorden og Eide på Nordmøre vart kalla *Jutulporten* (*Gards- og ættesoge for Gjemnes* bd. 4, s. 514).

Jutulane (*jutlane* er ordlisteforma) måtte vere eldande snare å kome seg inn i berget når sola rann. Då var det bra å ha romslege dørropningar. Sola var ein styggedom for dei. Skein ho på dei, vart dei til stein.

Det skulle vere plass for mangt eit stortroll i fjellstroket med dei høgaste tindande i landet.

Den fremste kjennaren av stadnamna i Jotunheimen, Lars Ekre, skriv i boka *Opplysninger til stadnamn fra Midt-Jotunheimen og tilgrensande bygder* (1960) at han helst trur *Jutulffjellet* er relasjonsnamn til *Jutuldøri*. Dette er ingen kritikk av Ekre, men det skulle vel ikkje vere noko i vegen for at ein hadde fått *Jutulffjellet* først. Kanskje ein lokalkjend der i Valdres kunne seie si meining her i bladet om namnet *Jutulffjellet* og om kor stort område namnet kan ha dekt?

## BOKOMTALAR

### NORSK ORDBOK I RUTE

*Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet.* Band V. *Harm – jåttut.* Det Norske Samlaget, Oslo 2005. 1604 spalter.

Utgjevinga av *Norsk Ordbok* (NO) nærmar seg halvvegs med band 5, og det kan vera på sin plass å kikka litt til side på liknande arbeid i grannelanda. Danskane var både tidleg ute og arbeidde raskt med sitt leksikografiske hovudverk, *Ordbog over det danske sprog*, 28 band frå 1918 til 1956. Dette er eit imponerande prosjekt med den tids setelsystem og prenteteknikk. Seinare har dei arbeidd med tilleggsband, som det har kome fem av til no. Svenskane slit litt meir i motvind med *Svenska Akademiens ordbok* (SAOB) og har greidd å fullføra 33 band sidan 1898 med 436 000 oppføringar fram til *talkumera*. Slett ikkje därleg det heller, bortimot ein halv million ord er imponerande, men tida går, hundre år fram til bokstaven T er lang tid, og redaktørane skulle nok gjerne ha sett ein like open pengesekk som ligg i seifen til prosjektdirektøren for NO, for å skifta til eit høgare gir i utgjevingsfarten.

For no går det fort i svingane for medarbeidarane i NO, band 4 kom i 2002, og tidleg i år kom altså band 5 med 1604 spalter frå *harm* til *jåttut*. Og fort må det jammen gå for at verket skal verta fullført til grunnlovsjubileet i 2014. Det trengst både fart og politisk medvind for at dei attståande sju banda skal liggja føre på ni år. Den politiske medvinden er stundom ustabil, men han er der, og då står det berre att å skifta til siste giret og halda farten fram til lanseringa i 2014. Dei 12 banda kjem til å innehalda om lag 300 000 ord, altså langt færre enn SAOB, men det er ordboksrammene som set grenser, for dei nynorske ordsamlingane inneheld mest dobbelt så mange ord som det har vorte plass til.

Band 5 markerer eit skifte både i redigering og trykkjeteknikk som det vert gjort greie for i innleiinga. Medarbeidarane skriv no manuskriptet ved hjelp av eit nyutvikla redigeringsprogram rett inn i ein database som innehold den trykkjeferdige versjonen. I tillegg til eit nyutvikla korpus med elektroniske nynorsktekstar med 21 millionar ord har denne omlegginga vore heilt nødvendig for at den raske utgjevingstakten kan haldast framover mot 2014. Bortsett frå at dei nye banda no kjem med 1 ½ års mellomrom, vil ikkje lesaren merka denne omlegginga, derimot er det nye satsbiletet godt synleg.

Oppslagsorda er heretter ikkje rykte inn som i dei føregåande banda, men står i margkanten. Alle samansette oppslagsord eller samansetjingsrekker får også oppslaga i venstre kant. Målet med desse og andre typografiske endringar er at NO skal verta både meir lesarvennleg og lettare å finna fram i. Omlegginga krev ei ny utgåve av brukarrettleiinga, noko som er varsla i 2006.

Mitt hovudinstrykk av det nye satsbiletet er at det kan verka noko monoton, særleg på dei sidene der det er få ordoppslag. Det viktigaste er likevel om den nye utgåva er meir brukarvennleg, og det er ho. Ei side i tidlegare band med mange oppføringar verkar rotete, for å bruka eit folkeleg ord, samanlikna med dei reine og ryddige sidene i band 5 med oppslagsorda fint lista opp i margaen. Sidan nye oppslagsord og samansetjingsrekker også krev linjeskift, får sidene meir luft i den nye utgåva. I dei seinare banda vil leseren lettare finna fram til orda han søker, og det er argument godt nok for det nye oppsettet.

I innleiinga vert det nemnt at spesielle fagord som ikkje har fått innpass i allmennspråket, er utelatne, også av plassomsyn. Det utvalsprinsippet trur eg ikkje redaktören vil få kritikk for. Eg, som dei fleste andre, vil ofta slå opp i NO for å finna forklaring på ord som ikkje når opp i mediespråket, ord som ein kjenner berre frå talemålet eller frå kjelder som er så lokale at ordtydinga ikkje ligg i dagen. Nynorsken skulle lyfta fram folkemålet og gje rom i medieverda for den ordrikdommen som finst i norsk, men har ikkje lukkast heilt i det. Det er nok å nemna vanlege folkemålsord som *gild*, *kjekk*, *løyen* og *treven* som døme på ordfattigdommen i medienorsken. I NO finn me ei mengd fargerike og nyanserike ord som ein sjeldan ser på trykk. Så vanlege ord i Rogaland som *hendesløyse* ‘noko som er heilt gali, verdlaust el usætande’ eller *heisen* ‘veldig; hard, strevsam; sterkt, hardfør; vanskeleg’ lever sitt eige liv i daglegtalen. For min eigen del har eg fundert på tydinga av *hassegiae*, *humlepung* og *jue*, som eg kjenner frå Ryfylke, men aldri i mitt lange liv har sett på trykk i allmenntekstar. Sjølv sagt er dei med i band 5: *hassegiae* ‘villstyring, rabbagast’, *humlepung* ‘pose med humle; nedsetjande nemning for person’ og *jue* ‘jutul, rise’. Eg vart nok litt skuffa over tydinga av skjellsordet *humlepung*, som eg trudde hadde ei frodigare og friskare forklaring!

Me kan vel ikkje venta at folk flest skal ha NO i hylla heime, men dei kan i alle fall gå ein tur til det lokale biblioteket og slå opp og finna fyldige opplysningar om ord som dei lurar på, av typen *heitevegg* og *jødekake*. Det er fleire enn ein vestlending som for seint har oppdaga framfor bakardiskens austpå at desse orda nok ikkje høyrer til allmennorsk. Ordet *ide* er det vanlege i Ryfylke for ‘straumkvervel, bakevje’, men eg trur nok ryfylkingen

vert både overraska og skuffa når han les at ordet finst i ulike variantar over det meste av landet, i Trøndelag i den ukjenslege forma *uddu*, som dessutan finst både som gardsnamn og etternamn (Rissa). Slik kan ein halda fram i ordmylderet.

Opplaget til NO verkar småleg, berre 1000 eksemplar skal verket trykkjast i, så vidt eg forstår. Men sidan digitaliseringa av samfunnet går stadig raskare, kan det godt henda at hylleverk på biblioteket ikkje er framtida. I vidaregåande skule ser me at elevane stadig oftare hentar opplysningar om ord frå ordbøker som ligg gratis tilgjengelege på Internettet. Ei nettutgåve av NO i 2014 parallelt med papirutgåva vil heilt sikkert gjera det enklare å tileigna seg kunnskap om den ordrikdommen som finst i NO, også for elevar.

Olav Veka  
veka@online.no

## NYE PAPPENHEIMERE

Marcel Grauls: *Kjenn dine pappenheimere! Personene bak ordene*. Oversatt og bearbeidet for norske forhold av Stein Lone. Spartacus forlag, Oslo 2004. 310 sider.

Julekatalogen over årets bøker 2004 bød på hele to eonymsamlinger, Sylfest Lomheim, *Ord om ord. Frå Amerika til Åmot* [se omtale i *Nytt om namn* nr. 40] og en norsk utgave av belgieren Marcel Grauls, *Mijn naam is Haas* fra 2001. På norsk heter den *Kjenn dine pappenheimere*. Lingvisten og oversetteren Stein Lone har bearbeidet den for norske forhold. Han har skrevet nye artikler om bl.a. *brustadbu*, *fjosepose*, *grodag*, *olsendriver* og mange andre som har et liv eller har hatt det – kortere eller lengre – i språket. Eksemplene kan vise den som ikke vet det fra før, hva et eonym er: et egennavn som også er blitt et fellesnavn. Opprinnelig var det *en* eonym, av gresk *eponymos* ‘den som gir navn’. Eonymen var en embetsmann hos de gamle grekerne, valgt for ett år, som fikk navn etter ham. De eldste eonymene av intetkjønn kommer også fra gresk, f.eks. en *krøsus*, dvs. en rikmann, et *damoklessverd* – det som «hang i en tråd».

Grauls’ samling er også utgitt på svensk; der heter den *Bintje och Kalasjnikov*. Den belgiske tittelen betyr «Mitt navn er Haas, jeg vet ingen ting»; unge Haas (dvs. hare) var arrestert og ville bedyre sin uskyld. Nå fins jo

slige utsagn ofte i flere språk og tilpasset lokale behov. Over hundre år gammel er den svenske varianten i Pelle Holms *Bevingade ord*: «Mitt namn er friherrinnan Cederlund från Skåne, och jag vet ingenting».

Innen den norske utgaven kommer i gang med tresorten *afzelia*, har den svenske forklart *adamsäpple*, *adonis* og *afrodisiakum*, som mangler hos Lone i likhet med bl.a. *akilleshæl*, *ekko*, *pythagoras* og *xantippe*. Uten at han gjør rede for det, tyder dette på et bevisst valg: Alle ordbøker har en ramme. Ingen kan ha med alt; noe må vike plassen for noe annet, og her har det gått ut over mytologi og religion – f.eks. mangler *judas* og *laban*, *jobspost* og *uriastpost*. Andre stikkprøver viser en god artikkel om *Tanum*, som vil si Tanums store rettskrivningsordbok (for bokmål), og *Landstad* – salmeboka, mens *Snorre* mangler, skjønt en får håpe den er like aktuell. Og hvis den ikke er det, er det likevel grunn til å ta den med, for eponymer som går av bruk, er ikke lette å finne igjen hvis senere generasjoner blir nødt til å forklare dem. Vanlige ordbøker regner dem som egennavn og tar som regel ikke med slike. Det blir ikke lettere av at de kan være grundig misforstått og omdannet. En dansk samling heter «Hr. Hybenkradser – hvem var det?». Det var Hippokrates.

Vår egen samtid er godt tilgodesett i boka, her finnes *lolita*, *Moog-synthesizer*, *raeliansk*, *rambo* og *rubikkube*. Et utvalg av aktuelle sykdomsnavn er med, men her kan iallfall ingen få med alt, for alle sykdommer som er oppkalt etter en person, kan på norsk skrives som fellesnavn med liten bokstav, vedtatt av Norsk språkråd: *sjögren*, *fölling*... Merkelig nok skriver Lone noen av dem med liten (*basedow*) og noen med stor (*Alzheimer*). Tekniske dupperitter, grunnstoffer, fysiske og andre enheter er også områder som det er uråd å dekke helt, men som er godt representert. Jeg har ikke annet å utsette på det enn at *røntgenstråler* er havnet mellom *Rolls-Royce* og *rorschachtest*, et vitne om hvordan det går med æ, ø og å hvis dataen slippes løs alene.

For min egen del ville jeg foretrukket kortere artikler og dermed plass til flere. Lones er gjennomgående lengre, i en kåserende stil som det er en fornøyelse å lese, og likevel godt pakket med fakta. Trykket er stort og klart, og det er en pen bok. Den som tar fatt på den, har mye å lære og mye å glede seg til.

Dag Gundersen  
dgunders@chello.no

## NYTT UM SUFFIKS I GAMLE STADNAMN

*Suffixbildung in alten Ortsnamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 14.–16. Mai 2004.* Red. av Thorsten Andersson og Eva Nyman. (Acta Academiae regiae Gustavi Adolphi LXXXVIII.) Uppsala 2004. 220 sidor.

14.–16. mai 2004 vart det halde eit symposium i Uppsala um suffiks-lagingar i gamle stadnamn i regi av Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur. I denne bok er samla elleve av dei tolv fyredragi som vart haldne der, attåt eitt som var meldt, men som ikkje kunde haldast. Dei fleste forfattarane kjem frå Sverige elder Tyskland, men det er attåt ein frå kvar av landi Danmark, Noreg og Skottland.

I tillegg til sitt eige tilskot, «Die Suffixbildung in der altgermanischen Toponymie», som fungerer godt som inngang til dei hine artiklane, hev redaktören Thorsten Andersson skrive ei instruktiv innleiding. Han opnar med å slå fast at suffikslagingar er eit sentralt emne for stadnamngranskingi. Di lenger attende me gjeng i soga åt dei germanske måli, di meir synest dei å ha bruka suffiks til å laga stadnamn. Seinare tek samansetjing meir og meir yver, men som Andersson peikar på i artikkelen sin, er styrketilhøvet millom dei two slagi namnelaging i gamalgermanske naturnamn ikkje godt nog utgreidt.

Andersson legg serleg vekt på spørsmålet um primær eller sekundær namnelaging, d.e. um namni er laga seinveges som namn eller gjenom proprialisering av ord som alt finst i språket. Dette spørsmålet er viktig ikke berre for vurderingi av kronologien åt namni, men òg for høvet til å rekonstruera ord frå namn. Serleg Lennart Elmenvik dryfter um det ligg appellativ til grunn for stadnamn i artikkelen sin um suffiksi *-n-* og *-sn-*, og for Svante Strandberg er skilet millom primær og sekundær namnelaging avgrensande for dei namni han tek upp; han skriv um «Dehydronymische Ableitungstypen», d.e. stadnamn som er avleidde av vassdragsnamn.

Eit anna viktig spørsmål som Andersson dreg fram i innleidingi, gjeld funksjonen og tydingi åt dei einskilde suffiksi. Det er først og fremst two forfattarar som tek upp dette spørsmålet: Lennart Elmenvik for *-n-* og *-sn-*-suffiksi og Eva Nyman for *-s*-suffifikset. Jan Paul Strid, på si sida, gjeng inn for å «avliva» eit suffiks: Han granskar nærmare nokre svenske sjønamn som hev vorte tillagde eit eige germansk *t*-suffiks, og finn at alle kann tydast ut på onnor vis, ofte med grunnlag i yngre måltifang.

I tilskotet å Bent Jørgensen sviv det um upphavet å danske og svenske *-inge*-namn, som etter tradisjonell syn gjeng attende på *-ija*-avleidningar til

innbyggjarnemne på *-inga-*. Jørgensen meiner derimot at upphavet skal vera *-ija*-avleidingar til stadnamn på *-ing-* (*a-/ō-stomnar*). Det gjeng like vel klårt fram at samanstellingi *-ing-ija-* tidleg kann ha vorte umtolka som eit eige suffiks til å laga stadnamn med, soleis at ein stor lut av *-inge*-namni treng korkje hava noko med innbyggjarnemne elder stadnamn på *-ing-* å gjera, men kann vera laga beinveges til grunnordet.

Two av tilskoti i boki tek upp bruk av suffiks i umråde med mykje målblanding: W. F. H. Nicolaisen skriv um suffiksi i dei eldste skotske vassdragsnamni, med serleg vekt på å lokalisera «gamaleuropeiske» namn (jf. nedanfyre), og Ernst Eichler skriv um koss suffiksi i slaviske stadnamn hev vorte måta til det tyske målet i den nordaustlege luten av Tyskland. Elles tek Jürgen Udolph fyre seg bruket av suffiks i stadnamni i Nord- og Midt-Tyskland, medan Botolv Helleland gjev ein gjenomgang av avleidingstypane i elvenamni i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Gottfried Schramm uppsummerer eit ordskifte han hev ført med Jürgen Udolph, både på symposiet og tidlegare, um teoriane åt Hans Krahe um ein «gamaleuropeisk» hydronymi, d.e. eit eige indoeuropeiskt namnesjikt som gjeng fyre kløyvingi i ulike målgreiner (keltisk, germansk, slavisk osb.). Schramm hev ytra seg kritisk mot eit altfor fastlagt konsept utan rom for regionale skilnader. Dette er den stuttaste artikkelen i samlingi, men etter mi mening den beste. Eg lika ikkje minst den litt uhøgtidlege og personlege stilens åt Schramm, som fær fram det subjektive elementet i forskingi, utan at det hjå honom fører til rein synsing.

Den siste artikkelen i boki er viggd eit yvergripande emne, d.e. «Die Rolle der Derivation in der altgermanischen Hydronymie». Forfattaren Albrecht Greule illustrerer det med suffikslagningane til tri utvalde grunnord, og jamfører vidare suffiksi som finst i vassdragsnamn med dei suffiksi som vert nytta til appellativisk ordlaging. Han finn eit etter måten stort samsvar, men nokre suffiks vert nytta berre i det vanlege ordtilfanget. Nokon sereigne hydro- eller toponymiske suffiks synest det derimot ikkje å vera.

Dette må segjast å vera ei vellukka utgjeving. Boki innheld ei rad forvitnelege artiklar som venteleg kann støra til ny og auka utgransking av dei gamle, suffiksale stadnamni. Ho er dessutan godt redigert og er so godt som lytelaus. Redaktørane fortener all ros, ikkje minst med tanke på at boki kom ut same året som symposiet vart halde (fyreordet er dagsett oktober 2004).

Klaus Johan Myrvoll  
[klausjon@online.no](mailto:klausjon@online.no)

## STADNAMN OG KULTURHISTORIE FRÅ AURLAND

Erlend Vinjum: *Aurland. Stadnamn og kulturhistorie.* [Aurland] 2004. 316 sider. Til salgs i Lokalhistorisk senter, Aurland kommune, 5745 Aurland.

Det er ei mangfaldig bok den utflytte aurlendingen Erlend Vinjum har skrive, ei bok som vitnar om kjærleik til heimbygda og folket der. Framstillinga har òg fått ein sterkt personleg svip. Som tittelen seier, handlar det om stadnamn og kulturhistorie, men det kulturelle femner svært vidt, frå vikingtid og mellomalder med innlagde dikt av Per Sivle til soga om hønsekjuklingen Gulbrand som vart ruga ut i eit skjorereir. Ein kan lesa om trolla i fjella og om fiskeplassar og fisketider. Forfattaren seier ikkje beint fram kven målgruppa for boka er, men i tillegg til lokalfolk, har nok tankane hans gått til dei som fiskar i Aurlandselvi og til fotturistane gjennom den mektige Aurlandsdalen.

Stadnamndelen utgjer den fyrste tredjeparten av boka. Her har forfattaren kunna byggja på hovudoppgåva si *Stadnamn i Aurland* (Universitetet i Bergen, 1970). Innleiingsvis har han eit nyttig oversyn over skrivemåte, trykk og tonelag i stadnamn. Elles vert stadnamna handsama i to hoveddelar, den fyrste nemnd «Stadnamn fortel». Her tek han føre seg ulike tidsaspekt i stadnamn, dvs. slike ein gjerne kallar dagtid- og årstidnamn, t.d. *Nonshaug* og *Sauajøkulen* (når Sauajøkulen datt ned, kunne sauene sendast på beite). Vidare drøfter han namnegrupper som fortel om stølsdrift og slåttearbeit, om fossar som endrar læte etter værlaget. Denne fyrste luten av stadnamnkapitlet er såleis ordna tematisk, medan den andre luten tek for seg utvalde stadnamn i Aurlandsdalen og fjella ikring. Dette vil nok interessera eit vidare publikum enn aurlendingen. Namna er her til dels omtala i den rekkjefylgja ein møter dei, og det kan vera praktisk på ein måte. Men ein saknar eit alfabetisk namnregister slik at ein kunne slå opp kvart einskilt namn i både bokane. Det er mange interessante namn som vert kommenterte, og eitt som har vore mykje diskutert, er *Stemberdalen* (s. 62 ff.), med uttalevariantane *Stemmerdalen* og *Stembredalen* (alle med tostavings tonelag), som forfattaren føreslår å setja til ei avleiring til verbet *stemma* ‘stengja vatnet’, og tydinga av namnet skulle då vera ‘den som stengjer’. Tolkinga er problematisk og ikkje overtydande. I drøftinga av fjellnamnet *Hurr/Hurrfjellet* (s. 44 ff.) dreg forfattaren først inn dei lydmalande orda *hurra* vb. ‘dundra’ og *hurr* m. ‘dump lyd’ (uttala med open u-lyd), som både er kjende frå Indre Sogn. Både språkleg og semantisk ligg det nær å festa seg ved denne tolkinga; ein har dessutan ein parallell i det meir kjende namnet *Hurrungane* i Jotunheimen, ei tolking som Gustav Indrebø peikte på i ein

artikkelen i *Maal og Minne* 1936. Venteleg er det lyden av dei mange snø- og steinrasa som har motivert både desse namna. Når forfattaren heller vil setja *Hurr til gno. hurð* f. ‘dør(skive)’, grunngjev han det med at det er ei dørliknande, rektangulær bot i fjellet. Namnesemantisk kan ei slik forklaring verka rimeleg, men språkleg lèt ho seg vanskeleg forsvara.

Jamvel om det er somt ein kan ha innvendingar mot i stadnamntolkingsane, merkar ein at forfattaren er på heimegrunn. Han legg fram mange detaljopplysningar som er nyttige for å forstå namnelandskapet. Særleg er det grunn til å framheva biletmaterialet, m.a. dei mange fine landskapsbileta der mange av lokalitetane er markerte med nummer og namn. Dette er ei bok ein absolutt bør skaffa seg om ein vil læra Aurland og naturen i bygda nærmere å kjenna.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## RAPPORT FRA KONGRESSEN I TÄLLBERG

*Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003.* Red. av Staffan Nyström. (NORNA-rapporter 80.) NORNA-förlaget, Uppsala 2005. 433 sider.

At navneforskningen står sterkt i Norden – og i Norge – er det vel ingen av *Nytt om namns* lesere som er i tvil om. Å få fakulteter, institutter og andre bevilgende myndigheter til å innse verdien av dette, er derimot ikke alltid så lett. Muligens kan rapporter av den typen som her skal anmeldes, bidra til å spre budskapet til noen av disse.

NORNA-rapporter 80 har kanskje en litt kryptisk tittel, men *Namnens dynamik*, og ikke minst undertittelen, *Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick*, viser spennvidden av litt av det de mange nordiske navneforskerne ofrer så vel arbeids- som fritid på. Av vaskeseddelen bakpå den vakre boka får vi forresten en aldri så liten forklaring på hva initiativtakerne til og arrangørene av kongressen, Inger Larsson og Staffan Nyström, har ment med denne kongress- og rapporttittelen: Innsjønavnet *Brunnsviken* i Stockholm, som i en periode også var navn på en bydel og i dag inngår i navnet på en kontoreiendom, et borettslag, en kanoklubb og en seilforening, samt i gatenavnet *Brunnsviksvägen*, er ifølge redaktøren «ett

av otaliga exempel på namnens utveckling, anpassning och användbarhet – namnens dynamik». Et vakkert fotografi av sjøen pryder forsida og et bilde av et gateskilt «Brunnsviksvägen 8» utgjør en del av vaskeseddelen. Hva som gjemmer seg bak nr. 8, skal i alle fall denne anmelderen forsøke å finne ut neste gang han besøker våre nabokers spennende hovedstad.

Men ikke mindre spennende er NORNA-rapporter 80. Her får vi innledningsvis vite at hele 56 nordiske navnforskere – og én nederlandske – deltok på den 13. nordiske navnforskerkongressen, som fant sted i natur-skjonne Tällberg i Dalarna en ukes tid midt i august i 2003. Kongressen ble arrangert på *Åkerblads Romantik Hotell och Gästgiveri*, men hvorvidt hotellnavnet fikk dynamiske konsekvenser for enkelte, skal være usagt. I løpet av noen hektiske dager – avbrutt av én med en spennende og lærerik ekskursjon – kunne deltakerne samle seg til 29 foredrag, hvorav 27 er trykt i herværende kongressrapport. Sju av de ti nordmennene som deltok på kongressen, presenterte foredrag, og alle er trykt i rapporten.

Som vanlig i NORNA-sammenheng var stedsnavnforskerne i flertall, denne gangen med 17 foredrag. Men at personnavnforskningen er på frammarsj, kan det ikke være tvil om. Fire foredragsholdere konsentrerte seg om nordiske slektsnavn, to om personnavn og to – Guro Reisæter (i forordet kalt «Reisaeter»!) og Ivar Utne – om navn blant og navneproblemer for innvandrere til Norge. Guro Reisæters tittel er «Med babelske namn i bagasjen. Registrering og bruk av uvanlige namn ved innvandring til Noreg». Med sin bakgrunn som norsklærer for innvandrere har Reisæter førstehåndskjennskap til de problemene møtet med norske myndigheter ofte fører til for innvandrere med – for oss – avvikende navn og navneskikker. Med en rekke eksempler fra navnemiljøer så forskjellige som det islandske og det kamerunske gir hun en nyttig påminning om at navn i Norden er langt mer enn det navnforskerne til nå har konsentrert seg om. Ivar Utne viser i sin artikkel, «Utenlandske navneskikker og den nye norske personnavnloven. Behov og bestemmelser», hvordan det norske lovverket nå er blitt tilpasset en ny virkelighet. I sammendraget hevder Utne at «the central aims of the name act are to protect name traditions [...]», og det gjør den tydeligvis ved at den har «åpna opp for fremmedkulturelle navneskikker» (s. 329). Her er han neppe kontroversiell. At praktiseringen av den nye loven, som Utne sterkt har medvirket til, også bidrar til å endre den norske navneskikken, faller utenfor foredragets tema, men vil nok bli tatt opp i andre sammenhenger.

Det eneste andre, norske personnavnbidraget er Gudlaug Nedrelids grundige studie «Endring i oppkallingsskikken i eit vestnorsk bygdesamfunn». Forfatteren har hentet materialet fra sin egen hjembygd, Jostedalen i Sogn

og Fjordane, og hun viser bl.a. hvordan utviklingen fra full til allittererende oppkalling, eller bokstavoppkalling, førte til en vesentlig økning i personnavn inventaret, og det er grunn til å regne med at noe liknende har skjedd andre steder. Emnet *oppkalling* er stemoderlig behandlet i tidligere norsk navneforskning, men punktundersøkelser som denne bidrar i alle fall til å øke vår kunnskap om en viktig side av personnavnbruken.

Det vil føre for langt å kommentere de øvrige foredragene som gjelder personnavn, men jeg skal kort nevne at bare ett annet gjelder fornavnskikk, Anfinnur Johansens «Færøsk personnavneskik 1851–55 og 1951–55», mens tre svenske og ett dansk foredrag tok for seg etternavn: Eva Bryllas «*Oxenhielm* men inte *de Svensson*. Om demokrati och namnstrukturer», Sonja Entzenbergs «Släktnamnens sociala signifikans – gifta kvinnors val av släktnamn i modern tid», Katharina Leibrings «Namn i äldre bruksmiljö. Projektpresentation och några tidiga resultat» og Susanne Vogts «Adelens brug af faste slægtsnavne før og efter Fr. I's forordning af 1526». Alle er spennende lesning også for norske lesere, men Susanne Vogts artikkel har kanskje særlig interesse, da den nevnte forordningen jo også fikk innvirkning på navnebruken i Norge. Adelsnavn tas også opp av Rikke Steenholt Olesen i artikkelen «Danske herregårdsnavn på -holm. Slægtsnavnet i brug som forled», der forfatteren bl.a. påviser at det først var i tiårene etter 1526 at slektsnavnet ble en populær forleddskategori i herregårdsnavn.

Artiklene om stedsnavn er så mange at det kan være hensiktssmessig å kommentere dem tematisk (i rapporten er samtlige foredrag ordnet alfabetisk etter forfatternavn; en fullstendig akseptabel løsning, om enn ikke den heldigste etter min vurdering). Tre foredrag tar opp emnet *urbane navn*. Alt i 1996 var dette emnet for et NORNA-symposium (i København; jf. NORNA-rapporter 64, utg. 1997), men det er først de siste par-tre årene at byens navn er blitt satt i fokus, ikke minst i Finland. Det er da også den unge, finske navneforskeren Terhi Ainiala som tar opp emnet i den her værende rapporten. I artikkelen «På väg mot urban namnforskning» viser hun – allerede med tittelen – at hun mener emnet er på frammarsj, og det med rette. Det kan i parentes bemerkes at med stadig flere studenter med bakgrunn fra byene er en nedtoning av den tradisjonelle navneforskningens bygdefokusering – ved siden av økt fokusering på personnavn – trolig en måte å opprettholde rekrutteringen til faget. En interessant side ved Terhi Ainialas artikkel er vektleggingen av uoffisielle navn. Disse har også sin plass i Mats Wahlbergs artikkel, «Stadens namn – identitet, känsla, prestige». Forfatteren har som kjent utgitt en stor og gjennomillustrert bok om *Uppsalas gatunamn* (1994), og det er da også Uppsala som er utgangspunktet for den aktuelle artikkelen, som for øvrig tar oss med til Stockholm,

Provence, London og San Diego. Den urbane navneforskningen kjenner stadig færre grenser.

På et mer hjemlig plan beveger Gunnstein Akselberg seg, som tar oss med til sitt kjære Voss. Og om man ikke blir skremt av tittelen på artikken, «Offisielle veg- og gatenamn på Voss som fleksible og rigide designatorar. Framlegg til ein semantisk onomastisk analyse», kan man hygge seg med lister over gode, tradisjonelle navn som *Tyssevegen*, *Tjukkebygdvegen*, *Tymbrålen* (?) og *Seimsbardet* foruten oversiktlige tabeller som viser forholdet mellom nydannelser og tradisjonelle navn, «grunnordsnamn» (?) og sammensatte navn. Særlig overraskende er kanskje ikke konklusjonen: at «ein større og større del av dei nye namna finst utanfor sentrumssområdet».

Blant de fjorten øvrige stedsnavnartiklene er det fire som i større grad enn de øvrige har en språklig-historisk vinkling. Her er de svenske forskerne Thorsten Anderssons «Från Svethiudh till Svearieke ur språklig synvinkel», Per Vikstrands «På jakt efter Mälardalens förlorade hydronymi» og Birgit Falck-Kjällquists «Förändringar på uttrycksplanet och innehållsplanet i namn på fiskplatser», men også Åse Wetås' «*Tveiten* og *Tortveit*. Om opphavleg oblik form i stadnamn». Som det opplyses i en fotnote, er dette en utvidet versjon av en artikkkel publisert i rapporten fra Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking, altså basert på et foredrag holdt et par måneder før kongressen i Tällberg. Foredragene/artiklene har tilknytning til dr. art.-avhandlingen Wetås nå er i ferd med å fullføre om kasusbortfall i dialekten i Vest-Telemark. Her drøfter hun hvorfor stivnet oblik form er langt mer utbredt i usammensatte enn i sammensatte stedsnavn, og i en plausibel forklaring knytter hun dette til spørsmålet om navnekarakter. De usammensatte navnene det gjelder, «framstår som semantisk meir gjennomsiktige og med tydelegare sambandsliner til den appellativiske delen av leksikonet» og «ei opphavleg oblik form verkar meir konstituerande på namnekarakteren deira» (s. 356).

Ti av stedsnavnartiklene er mer tradisjonelle (ikke dermed sagt at de er mindre leseverdige), og de spenner svært vidt: fra navnedatabaser og navne-normering over villanavn og middelalderlige herregårdsnavn til ferdselsnavn og sakrale, førkristne navn. Vibeke Dalberg kritiserer i «Mulig mønster-påvirkning i nogle danske stednavnetyper» eldre navneforskeres «ringeagt» og nyere forsknings «ligegyldighed» overfor nyere villanavn. Birgit Eggert drøfter også analoginavn i «Danske stednavne på -holt. Fra naturnavn til bebyggelsesnavn», mens Svavar Sigmundsson ser mer generelt på yngre navn i artikkelen «Namn på nya gårdar och kommuner på Island». Bent Jørgensen tar på sin side opp svært gamle navn i «Betydningsrelationer mellem stednavne i begrænsede områder», der han framfor alt drøfter navne-

ledd som kan være / har vært oppfattet som sakrale, og/eller sentralplass-indikerende. En mellomstilling inntar Rikke Steenholts Olesens allerede nevnte artikkel om stedsnavn på *-holm*. Disse er resultatet av bevisst navngiving, og noe av det samme kommer Ulla Swedell inn på i sin artikkel om «Gällivares bebyggelsenamn i språkkontakt»; hun påviser myndighetenes sterke rolle i forvenskningen (og også forfinskningen!) av navnetilfanget. Myndighetenes arbeid med navn i nyere tid tas opp av Annette C. Torensjö («Ortnamnsförteckningar igår, idag och imorgon»), som viser hvordan offisielle navnelister nå i økende grad blir datamaskinelt tilgjengelige og på sikt vil kunne koples til forskningsdatabasene. Offisiell navnebruk er ellers emnet for to artikler: Leif Nilssons «Svensk ortnamnsvård före och efter beteckningsreformen» og Terje Larsens «Skrivemåten av namn på matrikulerte egedommar i Noreg før og etter lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn». Revisjonen av navneloven, som den sistnevnte forfatteren varsler i sin artikkel, er nå som kjent vedtatt, men fremdeles er det spenning knyttet til hvordan endringene vil slå ut i praksis – når loven iverksettes.

En som mer enn de fleste har vært opptatt av offisiell navnebruk, er Botolv Helleland, men i sin artikkel i NORNA-rapporter 80 konsentrerer han seg om en av sine andre interesser: navn i fjellet. Tittelen, «Ferdsle på Hardangervidda i lys av stadnamn», innrømmer forfatteren innledningsvis lyder som en overskrift i Den norske turistforenings årbok, og en lett omskrevet, popularisert versjon kan nok med fordel sendes turistforeningen. Blant mengdene av stedsnavn i dette populære fjellområdet, som forfatteren kjenner bedre enn de fleste, har han plukket illustrerende eksempler som mer eller mindre direkte forteller om ferdsel i så vel eldre som nyere tid. Enkelte, som *Sandvadet* og *Kvilesteinen*, finnes flere steder og forstås nok av de fleste, mens navn som *Kjemhus* og *Hårteigen* er verre å forklare uten videre. Det sistnevnte er tidligere drøftet bl.a. av Ottar Grønvik og Per Hovda i 1959, av Hovda igjen i *Kulturhistorisk leksikon* bd. 18 (1974), av Alv G. Nordal Muri i 1979 (*Årsmelding* 1978) og av Botolv selv i 1993.

Avslutningsvis skal nevnes to helt annerledes artikler, som passer best for spesielt interesserte: Jonas Carlquists «Internetnamn som socialt fenomen» og Mari Voipios «Finländska domännamn: kampen mellan frihet och protektionism». Etter denne anmelderens syn er det mer enn nok av tradisjonelle navn, steds- og personnavn å forske i, noe NORNA-rapporter 80 til fulle bidrar til å vise. Men for all del, la ikke det hindre den som måtte ønske det, å ta opp annet proprialet materiale til diskusjon.

Tom Schmidt  
tom.schmidt@iuh.uio.no

## MANGSLUNGNE NAMNEVERDER

*Namenwelten. Orts- und Personennamen in historischer Sicht.* Red. av Astrid van Nahl, Lennart Elmevik og Stefan Brink. (Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 44.) Walter de Gruyter, Berlin – New York 2004. 813 sidor.

Det er litt av ei gjæv gåva Thorsten Andersson fekk til 75-årsdagen den 23. februar i fjor: Ei bok fylt med 59 artiklar som hentar emne frå noko av det feltet som han sjølv hev femnt um gjenom ei snart femti år lang granskargjerning: stad- og personnamn i historisk perspektiv. Som Eva Nyman peikar på i stykkjet sitt um Andersson bak i boki, hev han stødt yrkt for å vida ut råmone for den nordiske namnegranskingi, både ved å draga inn nye typar namn og ved å taka upp meir teoretiske spørsmål til diskusjon, soleis at det reint historiske perspektivet på namni berre hev vore éi av mange interesser, um kann henda den sterkeste og mest varuge.

Like fullt kann det støde fokuset som Andersson hev halde på dei eldste namni, millom anna som medarbeidar i *Reallexikon der Germanischen Altertumskunde*, òg segjast å gjeva namnegranskingi vidare råmor å operera innanfyre. Desse namni lyt sjåast i eit større germanske og indoeuropeisk perspektiv, og byd soleis inn til granskning og samarbeid på tvers av landeskili. Dei mange granskane som hev ytt tilskot til denne boki, og dei mange landi dei kjem frå, vitnar ikkje lite um det vide kontaktnetet som Andersson hev upparbeidt seg. Den største flokken kjem naturleg nog frå Sverike (18 stykkje), men det er mest like mange tilskot frå Tyskland (17). Dei hine nordiske landi hev samla ein um lag like stor contingent (7 frå Danmark, 4 frå Noreg, 3 kvar frå Island og Finland og 2 frå Færøyane). Endeleg er det einstaka tilskot frå Skottland og England, og two kvar frå Austerrike og Nederland. Dei fleste artiklane er skrivne på tysk elder engelsk, elder på eit skandinavisk språk, men Eivind Weyhe er so fri å skriva på færøysk, um «Eitt huldunavn í Lítlu Dímun», d.e. eit namn som berre stend på kart, men som ikkje finst i røyndi (svarar til den engelske nemningi *ghost word*, um eit ord som berre finst i ordbøker).

Artiklane er viseleg kløyvde inn i bolkar etter innhaldet: ein bok med tilskot um stadnamn (i alt 31 artiklar), ein med tilskot um personnamn (14 artiklar) og ein uppsamlingsbok med tilskot um namn i runeinnskrifter og «språklege problem» (14 artiklar). Personnamnbolken er vidare uppkøyvd i tri underbolkar: teoretiske tilskot, artiklar um prinsipp for namnegjeving, og den meir ålmenne «Namenbezogene Beiträge». Ei slik vidare innbolking kunde vore ynskjeleg for stadnamntilskoti òg, t.d. fell det ein i augo at dei

som tek fyre seg serskilde suffikslagingar, danar ei naturleg gruppa: Albrecht Greule skriv um vassdragsnamn med *-m*-suffiks og Svante Strandberg um tilsvarande namn med *-k*-suffiks, medan Botolv Helleland skriv um stadnamn på *-ing-* i Hordaland og Savar Sigmundsson um islendske stadnamn med suffiksi *-all*, *-ill*, *-ull*.

Det er ikkje rom for å kommentera alle artiklane her i *Nytt om namn*, ikkje å nemna alle eingong, men vonleg kann det verta høve til å taka ein nøgnare gjenomgang av denne rikhaldige samlingi ein annan stad. Her skal berre stutt umtalast dei norske tilskoti, som er fjore i talet. Eg hev alt nemnt artikkelen åt Botolv Helleland um stadnamn på *-ing-*, som syner at namni av dette slaget i Hordaland i hovudsak er gamle *a*- og *ō*-stomnar. Helleland finn ikkje døme på avleidingsar på *-ing-ija-*, som er so vanlege i danske og svenske *-inge*-namn, og holder ikkje nokon proprialiserte innbyggjarnemne, men innbyggjarnemne kann vera fyrelekk i dei samansette namni *Binningabø* og *Eksingadalen* (båe i Vaksdal).

Inge Særheim gjev ein gjenomgang av gardsnamn på Nord-Jæren av typen *Sola*, *Sømme*, *Tasta*, *Anda* og *Erga*, som ein hev havt vanskar med å tyda ut med norsk namnetilfang. Særheim meiner det er råd å finna eit upphav åt mange av deim, jamvel um han sumtid lyt ganga langt i tid og rom for å finna høvelegt ordtilfang å setja deim til. Busetnadene som desse namni er knytte til, hører til dei største, eldste og mest sentrale i umrådet, og Særheim gjeng so langt som å hevda at namni kann ha vorte til i bronsealderen elder endå tidlegare. Det tyder at dei kann hava pre-germanskt, indoeuropeiskt upphav.

Under yverskrifti «Nomen est omen» skriv Else Mundal um den utbreidde tendensen til å nytta heite elder kjenningar i staden for personnamn i den norrøne skaldediktingi. Mundal meiner at denne tilslørtingi kann hava fleire grunnar, som at eit heite elder ein kjenning som umtalar den det gjeld i rosande ordelag, høver betre enn eit nakne namn. I tilfelle der det gjeld eit kvendenamn, kann grunnen vera at skalden ikkje vil segja beint ut kven eit kjærleiksdikt er dikta til. Eit døme på dette hev me når namnet *Ingibjôrg* kann vera «umskrive» med *Gramr ok brattir hamrar*, der *gramr* er heite for ‘konge’, som òg *Ingî* er, og *brattir hamrar* er synonym til *bjôrg* i tydingi ‘berg’. Denne skikken syner at språkbrukarane hev havt eit medvite tilhøve til tydingi åt namni, og at dei hev kunna utnytta det i diktingi.

Det stuttaste tilskotet til denne boki er det Ottar Grønvik som hev levert. Det fyller nett ei sida og legg fram ein ny etymologi til verbet *æja* ‘kvila med hestane sine og lata deim beita’ som Svein Nestor hev gjort framlegg um i eit brev til honom. Nestor (og Grønvik) gjeng ut frå ordet á f. ‘elv’ i den upphavlege tydingi ‘vatn’ (jf. lat. *aqua*), og tenkjer seg *æja* som ei *j-*

avleiding med tydingi ‘vatna’. – Ei einfeld og yvertydande uttyding, skriv Grønvik, og det lyt eg samstavast med honom i.

I tillegg til dei vanlege artiklane hev Eva Nyman som nemnt gjeve ein presentasjon av «Thorsten Andersson und die nordische Namenforschung», og ho hev laga ein bibliografi yver skriftene hans frå åri 1989–2003, som fyller syttan sidor, berre den. Dette er eit framhald av den bibliografien som vart prenta i ei av heidersskriftene åt Andersson på sekstiårsdagen i 1989, *Namn i Norden och det forna Europa* (NORNA-rapporter 40). Endeleg hev Astrid van Nahl laga eigne register yver dei stadnamni og personnamni som er umtala, noko som er nyttugt i ei so vidfemnande bok som denne.

Klaus Johan Myrvoll  
klausjon@online.no

## FYRSTE BANDET FRÅ ICOS-KONGRESSEN I UPPSALA

*Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002.* Band 1. Red. av Eva Brylla og Mats Wahlgberg i samarbeid med Vibeke Dalberg og W. F. H. Nicolaisen. Språk- och folkmnesia institutet, Uppsala 2005. 570 sider.

Det fyrste av fire band frå ICOS-kongressen i Uppsala 2002 er sendt ut. Det var velsigna å få ei skikkeleg bok i hendene etter å ha måttta nøya seg med ein cd-versjon av foredragene på den føregåande ICOS-kongressen i Santiago de Compostela i 1999. Eg trur nok dei fleste vil vera samde med meg når eg hevdar at ei fint utstyrt bok i god innbinding fungerer best. På den andre sida trur eg nok at den elektroniske publiseringa har framtida for seg. Ikkje minst er det ei god løysing når det gjeld pris, her kan ein berre minna om at dei store tyske forlaga fort krev ein pris mellom 500 og 1000 kroner for ei enkel bok, medan cd-en frå Santiago på nærmere 2000 sider kostar det same som ei rimeleg bok. Så «print on demand» på grunnlag av ein elektronisk tekstuversjon får venteleg meir aktualitet etter kvart. Svenskane greier forresten å levera dette fyrste bandet for 250 svenske kroner, som må seiast å vera svært rimeleg.

Band 1, som altså no ligg føre, inneholder opnings- og avslutningsforedragene, deretter dei tre plenarforedragene, det fyrste av García Arias og Xosé Lluis (Spania) om personnamn og historiske dokument (på engelsk), det andre av Albrecht Greule (Tyskland) om namnetypar og namnerom (på

tysk), og det tredje av Svante Strandberg (Sverige) om skandinavar heime og ute i vikingtida og i mellomalderen i ljós av stadnamn (på engelsk). Deretter kjem dei foredraga som vart haldne i seksjon 1 *Namneteori*, til saman 23, og seksjon 6 *Namn i litteraturen*, til saman 20. Vibeke Dalberg gjev ei oppsummering av foredraga i seksjon 1, og W. F. H. Nicolaisen av foredraga i seksjon 6. Språkleg fordeler artiklane seg med 16 på engelsk og 7 på tysk i bolken om namneteori, og 6 på engelsk, 5 på fransk og 9 på tysk i bolken om namn i litteraturen. Dersom denne fordelinga avspeglar interessa for desse delemna, så er det tydeleg at namneteori fangar størst interesse hjå dei som skriv på engelsk. På den andre sida er det flest tyskspråklege arbeid innanfor litterær onomastikk, men her kan ein også leggja merke til at heile 5 er på fransk. Alarmerande nok var det ingen fra dei nordiske landa som kasta seg ut på dette feltet, som internasjonalt vert omfatta med stor interesse, m.a. har Italia ein solid tradisjon for studiet av namn i litteraturen fra ein namnfagleg synsvinkel.

Det var fire nordiske foredrag om namneteori, nemleg av nordmennene Gunnstein Akselberg og Ole-Jørgen Johannessen, og danskane Peder Gammeltoft og Bent Jørgensen. Akselberg drøfter struktur og typologi i namneleksikonet ut fra ulike tilnærmingar, m.a. det mentale og det konkrete onomastikonet, medan Johannessen tek føre seg struktur og typologi i båtnamn, eit felt som har vore mindre påakta til no. Spørsmålet om kva som motiverer namngjevinga, er emnet for diskusjonen til Gammeltoft, og han føreslår ein modell basert på tre semantiske hovudkategoriar, nemleg relasjon (*Relationship*), eigenskap (*Quality*) og bruk (*Usage*). Overskrifta til Jørgensen lyder «The degree of onomastic coverage within various categories of denotata», og han diskuterer tilhøvet mellom namn og namneobjekt (denotat) ut frå problemstillinga: I kva grad dekkjer namna verda rundt oss?

Det er ikkje her rom for å gå inn på dei mange interessante artiklane. Eg kan likevel ikkje la vera å nemna den tyske namnegranskaren Silvio Brendler, som slår til med den krimliknande overskrifta «Über den gerechten Tod der Auffassung vom Namen als bilaterales Zeichen» (Om den rettkomne døden til oppfatninga av namnet som bilateralt teikn). Her får ikkje berre Ferdinand de Saussure gjennomgå, men mange av dei nolevande namnegranskarkane som har vore opptekne av namneteori. Tesen til Brendler er at namnet er ein ordlyd som indikerer ei tyding av ein enkeltklasse – alle andre eigenskapar og funksjonar av namnet er sekundære. Det gjev litt å tenkja på.